



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0031 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Kommunereform i Rogaland – oppsummering og tilråding

Fylkesmannen i Rogaland si tilråding om ny kommunestruktur:

### Vi tilrår følgjande nye kommunar frå 1. januar 2020:

- **Stavanger, Rennesøy og Finnøy blir ein kommune i tråd med lokale vedtak**
- **Sokndal og Eigersund blir ein ny kommune, som første endring i Dalane**
- **Forsand og Strand blir ein ny kommune, som første endring i Ryfylke**

**Med grunnlag i dei utgreiingar som er gjorde, tilrår vi at arbeidet for å danne nye kommunar i Rogaland held fram. Dei mest aktuelle kommunane for vidare dialog:**

- **Bjerkreim og Lund (Sokndal og Eigersund)**
- **Hjelmeland (Strand/Forsand)**
- **Bokn (Tysvær)**
- **Utsira (Haugesund/Karmøy)**
- **Randaberg, Sola og Kvitsøy (Nye Stavanger)**

**Vi vil elles framheve behovet for å løyse utfordringar knytt til område vurderte som «funksjonelle samfunnsutviklingsområder», då særleg dei samanhengande tettstadsområda på Nord-Jæren og Haugalandet.**

Fylkesmannen i Rogaland viser til brev av 24.06.2014 der vi fekk i oppdrag å bidra i gjennomføringa av kommunereforma. Vi viser også til dei oppdraga som er gitt gjennom tildelingsbrev, i brev av 30.11.2015 om utdjuping av oppdraget og til sist i brev 07.06.2016 om mal for struktur for tilrådinga vår. Som eigne vedlegg følgjer ein omtale og oversikt over alle prosessar og vedtak (vedlegg 1) og eit utfordringsdokument (vedlegg 2) med ein regionvis omtale.

I Rogaland er det 26 kommunar, med til saman 470 000 innbyggjarar 1. januar 2016. 12 kommunar har under 5000 innbyggjarar, 9 kommunar mellom 5 og 20 000, og 5 kommunar har meir enn 20 000 innbyggjarar. Fleire av dei mindre kommunane har utfordringar med fagkompetanse for å utføre oppgåvene t.d. på omsorg og utdanning med kvalitet på alle område. Nærleiken mellom dei som har behov for tenester og dei som utfører dei, kan vere krevjande i «vanskelege saker». Samstundes legg mange vekt på nærleiken til tenestene som ein faktor som talar mot endring i kommunestruktur. I løpet av reformprosessen er føresetnadene endra både økonomisk og fagleg.

Dei fleste kommunar i Rogaland taper på nytt inntektssystem og krava til kompetanse er skjerpa både for utdannings- og helsepersonell.

### **Fylkesmannen sitt arbeid med reforma**

Vi legg vekt på dei vurderingane som er gjorde av den enkelte kommunen, sett opp mot hovudmåla med reforma og tilhøyrande vurderingskriterium. I tillegg til det kunnskapsgrunnlaget vi har fått frå kommunane, legg vi vekt på eigne kunnskapar om den enkelte region og kommune. Dette går fram av nemnde vedlegg.

Arbeidet frå Fylkesmannen si side har vore organisert gjennom ei intern styringsgruppe som har hatt møte kvar veke og ei referansegruppe med deltaking frå alle fagavdelingane. Vi tok hausten 2014 initiativ til etablering av ei regional ressursgruppe med representantar frå KS, regionråda, Distriktsenteret, enkeltkommunar, NHO, LO og forskingsinstitusjonen IRIS. Hovudføremålet med gruppa har vore å dele informasjon og kunnskap, og å drøfte omfang og innhald når det gjeld aktivitetar og arrangement. Vi har gjennomført seks møte i ressursgruppa. Etter kvart møte har vi hatt tilbod om eit ope møte for alle ordførarar.

Elles har mykje av arbeidet vore i form av dialog med den enkelte kommunen. Aktiv bruk av nettsida for informasjon og kunnskapsdeling har også hatt høg prioritet. Vi har hatt fleire samlingar med kommunane som hovudmålgruppe, og informert på styremøta i KS. Vi viser elles til tilbakemeldinga vi har gitt gjennom årsrapporteringane.

### **1. Fylkesmannen i Rogaland si tilråding om kommunestruktur**

Fylkesmannen i Rogaland gir her ei todelt tilråding. Først dei strukturendringar vi tilrår at Stortinget gjer vedtak om i 2017. Vi omtalar elles aktuelle strukturendringar for å løyse utfordringar på lengre sikt, i tråd med malen frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Her følgjer ei oppsummering av tilrådinga om framtidig kommunestruktur i Rogaland, og om grensespørsmål.

#### **Vi tilrår følgjande nye kommunar frå 1. januar 2020:**

- Stavanger, Rennesøy og Finnøy blir ein kommune i tråd med lokale vedtak
- Sokndal og Eigersund blir ein ny kommune, som første endring i Dalane
- Forsand og Strand blir ein ny kommune, som første endring i Ryfylke

#### **Med grunnlag i dei utgreiingar som er gjorde, tilrår vi at arbeidet for å danne nye kommunar i Rogaland held fram. Dei mest aktuelle kommunane for vidare dialog:**

- Bjerkreim og Lund (Sokndal og Eigersund)
- Hjelmeland (Strand/Forsand)
- Bokn (Tysvær)
- Utsira (Haugesund/Karmøy)
- Randaberg, Sola og Kvitsøy (Nye Stavanger)

**Vi vil elles framheve behovet for å løyse utfordringar knytt til område vurderte som «funksjonelle samfunnsutviklingsområder», då særleg dei samanhengande tettstadsområda på Nord-Jæren og Haugalandet.**

#### **Grenseendringar:**

- Åna-Sira i Sokndal – tilrår eigen prosess etter inndelingslova
- Hylsstronda i Suldal – tilrår overført til Sauda kommune
- Jøsenfjorden og Ombo - tilråding blir ettersendt
- Raglamyr/Norheim og Forus - tilrår at grenseendring blir greidd nærmare ut når spørsmålet om kommunestruktur er endeleg avklart i Stortinget.

**Vindafjord** og **Etne** (Hordaland) er i dialog om å danne ein ny kommune, og vi har avtalt utsett frist for endelege vedtak. Vi ettersender tilrådinga for desse kommunane seinast i november.

## 2. Grunngjeving for tilrådinga

Mange kommunar har gjort eit omfattande utgreiingsarbeid og vurdert eigne utfordringar i høve til mål og kriterium for reformarbeidet. Dette kjem fram av saksutgreiinga i den enkelte kommunen i samband med sluttbehandlinga. Alle vedtaka i kommunane er lagde ut på [nettsida vår](#), og vi har laga ein tabelloversikt (vedlegg 1).

Vi vil her konsentrere og utdjupe grunngjevinga vår ut frå dei samla kunnskapane vi har om kommunane, med særleg merksemd på kommunar der vi gir råd som avvik frå kommunane sine fleirtalsvedtak. Vi tar utgangspunkt i den regionvise omtalen som er gjort i vedlagte utfordringsdokument (vedlegg 2).

### 2.1 Fylkesmannen i Rogaland si tilråding om kva Stortinget bør vedta i 2017

#### Finnøy, Rennesøy og Stavanger

Finnøy og Rennesøy har vedteke å gå saman med Stavanger om ein ny kommune, og alle dei tre kommunane har gjort positive vedtak. Ut frå at det her ligg føre positive vedtak om å danne ny kommune saman med Stavanger, og at det er sett i gang vidare prosessar for å realisere den nye kommunen, gir vi ikkje ei nærmare vurdering av Finnøy og Rennesøy som eigne kommunar.

Vi har vore i dialog med kommunane undervegs i prosessen, også etter at vedtaka er gjorde. Rennesøy, Finnøy og Stavanger har ulike utfordringar, frå storbyutfordringar i Stavanger til dei spesielle utfordringar som er knytt til dei veglause øysamfunna i Finnøy. Det vil slik sett krevje ein del ressursar å bygge ein ny kommune. Vi har registrert stor vilje og engasjement for å få dette til. Viktige spørsmål blir her nærliken til basistene og organisering av lokaldemokratiet. Vi viser elles til omtale av Randaberg og Kvitsøy under.

#### Sokndal og Egersund (Lund, Bjerkreim)



Fylkesmannen har frå første fase i reformprosessen rådd dei fire kommunane i Dalane til å gjennomføre nabosamtalar og å vurdere framtidig struktur. Eit samla Dalane med til saman om lag 24 000 innbyggjarar vil «svare godt ut» på mål og kriterium sett frå sentralt hald. Dette er ein region med felles identitet, felles utfordringar t.d. når det gjeld økonomi og kompetanse, og relativt tett integrert når det gjeld busetting og sysselsetting. Egersund by er etablert regionsenter i Dalane, samstundes er det om lag 50 km frå kommunesenteret Moi i Lund til Egersund sentrum. Det er også naturleg at mange sør i Lund ser mot Flekkefjord som sin by.

Kommunane Lund, Sokndal og Bjerkreim har, etter involvering av folket, gjort endelege vedtak om å halde fram som eigne kommunar, medan Egersund ønskjer ny kommunestruktur i Dalane. Vårt utgangspunkt er at vi skal legge vesentleg vekt på kommunane sine vedtak.

Sokndal og Egersund var først ute med ein formell dialog om å danne ny kommune. Det har vore god kontakt mellom dei to kommunane. Lund kom med i sluttfasen, og har i tillegg skrive avtale med Flekkefjord. Bjerkreim har vore tydeleg på å ikkje skrive avtale med nokon nabokommune. Vi har elles registrert at det ikkje har vore så klart standpunkt verken hjå folket eller i kommunestyret mot endring i Sokndal, sett i forhold til Lund og Bjerkreim.

Med grunnlag i nemnde vedtak, og basert på frivilligprinsippet, kan vi vanskeleg rå til endring i kommunestruktur for alle kommunar i Dalane nå. Samstundes er vår eiga faglege vurdering at dagens struktur i Dalane bør endrast, særleg ut frå omsynet til det å kunne ha ein forsvarleg kapasitet og kvalitet på basistene. Det gjeld også ut frå omsynet til økonomiske utfordringar, og det å ha ei forsvarleg og samordna langsiktig samfunnsutvikling. Ein samla kommune i Dalane svarar godt opp om mål og kriterium for reforma.

Vi vil rå til at Sokndal og Eigersund blir ein kommune. Samstundes vil vi peike på at det kan skje ei vidare strukturendring som involverer alle dei fire kommunane i Dalane. Det kan då vere aktuelt å sjå på dagens grenser mellom Lund og Flekkefjord (Vest-Agder).

### Forsand og Strand

Fleirtalet i Forsand kommunestyre (9:8) har gjort vedtak om å bli ein ny kommune saman med Sandnes. Kommunestyret har, med særleg vekt på utfordringar når det gjeld kompetanse og kapasitet på viktige tenesteområde, lagt til grunn at kommunen ikkje kan bestå som eigen kommune. Dette er ei vurdering vi deler.

Det er i dag 17 km mellom dagens kommunesenter i Strand og Forsand. Sjølv med vidareføring av dagens ferjesamband over Høgsfjorden, vil det vere om lag 45 min reisetid til Sandnes sentrum. Fastlandssamband til Ryfylke gjennom Ryfast er under bygging. Stortinget la i si godkjenning til grunn at Ryfast skal erstatte dagens ferjesamband.

Strand og Forsand kan langt på veg definerast som ein felles bu- og arbeidsmarknad, det er relativt stor arbeidspendling mellom dei to kommunane. Forsand har i dag utfordringar på enkelte tenesteområde, m.a. innan skulesektoren. Det kan bli aktuelt å vurdere meir samarbeid på dette området, og vår vurdering er at avstandsspørsmålet også her blir eit moment.

Forsand er i dag ein del av Ryfylke-regionen og medlem i Ryfylke IKS, med eit godt etablert samarbeid på viktige område. Eit døme her er forvaltinga av konsesjonskraftmidlar gjennom Ryfylkefondet. Dette har gitt høve til finansiering av fleire fellestiltak i Ryfylke. Det var såleis logisk å starte ein dialog med nabokommunane Strand og Hjelmeland om endring i kommunestruktur, og også å skrive intensjonsavtale. Geografiske omsyn tilseier at grensa for Ryfylke går i Høgsfjorden. Sjølv om slike etablerte strukturar ikkje skal vere til hinder for justeringar som følgje av endring i kommunegrenser, er det vår vurdering at ein ny kommune mellom Forsand og Sandnes ikke vil vere ein framtidsrettet struktur. Dette fordi Stortinget har vedteke at Ryfast skal vere vegen mellom Ryfylke og Nord-Jæren.

Etter det vi har registrert, har fleirtalet i kommunestyret i Forsand lagt vekt på at Sandnes vil vere eit betre val enn Strand når det gjeld næringsutvikling, m.a. når det gjeld vidare satsing på reiseliv. Vi er samde i at det er eit stort potensial i vidareutvikling av reiselivsatsinga. Vi vil her framheve dei felles utfordringar som Strand og Forsand har m.a. når det gjeld tilrettelegging og utvikling av reisemålet Prekestolen. Det at Forsand går saman med Sandnes vil i liten grad kunne løyse dei aktuelle utfordringane. Nødvendig infrastruktur til Prekestolen ligg i Strand kommune, og må også utviklast vidare der.

Forsand og Sandnes vil gi ein kommune med god kvalitet på tenestetilbod, og med god kompetanse på viktige fagfelt. Dette talar for å respektere det frivilligprinsippet som ligg til grunn i reforma. Men Forsand som del av Ryfylke-regionen har ei rekke felles utfordringar med nabokommunane Strand og Hjelmeland. Ein ny kommune saman med Sandnes gir ikkje ein hensiktsmessig struktur ut frå regionale omsyn. Vi tilrår at Forsand blir ein ny kommune saman med Strand. I vurderinga er

det også lagt vekt på at dette er første steg på det som kan bli fleire endringar av kommunestrukturen i Ryfylke.

## 2.2. Aktuelle endringar på lenger sikt

Nokre utfordringar i Rogaland blir ikkje løyste frivillig i denne reformprosessen. Alle kommunane har gjennom dei to siste åra vore gjennom ein omfattande prosess, og det ligg føre mykje materiale og kunnskap som kan vere til god nytte for ei vidare vurdering av kommunestruktur. Det vil vere viktig å ivareta dei regionvise strukturane i ein vidare prosess. Her følgjer ei kortfatta oppsummering av vår grunngjeving for tilråding når det gjeld dei utfordringar som ikkje blir løyste i denne omgang – jf. elles utfordringsdokumentet.


### 2.2.1 Kommunar som peikar seg særleg ut for vidare arbeid (ikkje rangert)

#### Bjerkreim og Lund (Dalane)

Det kan på sikt vere aktuelt å samle heile Dalane i ein kommune. Dette særleg ut frå felles utfordringar på kapasitet og kompetanse på viktige tenesteområde. Sjå elles omtale av Sokndal og Eigersund over.

#### Randaberg

Randaberg er ein godt fungerande kommune med kvalitet på tenestetilboda og med kompetanse på viktige fagfelt. Dette talar for å respektere frivilligprinsippet som ligg til grunn i reforma. Samstundes vil vi peike på at også Randaberg vil få utfordringar, både på kompetanse og økonomi, når det gjeld å oppretthalde kvalitet i tenestetilboden framover i tid.



Randaberg er ein del av det integrerte storby-området. Kommunen er lokalisert slik at vi får ein struktur som på lenger sikt ikkje synest hensiktsmessig ut frå regionale omsyn når Rennesøy, Finnøy og Stavanger går saman i ein ny kommune. Randaberg vil ligge mellom Rennesøy og Finnøy i nord og dagens Stavanger i sør. Vegen frå Rennesøy og Finnøy går om lag 3 km gjennom Randaberg før ein kjem til Stavanger – sjå kartutsnitt. Dette vil fungere på kort sikt, men kan ikkje seiast å vere ein struktur som er framtidssettet. Randaberg kunne vere deltarar frå startfasen i det å bygge denne nye kommunen. Vi vil peike på at fleire kommunar på sikt kan bli ein del av Nye Stavanger, særleg gjeld dette Sola og Kvitsøy. Stortinget har lagt

til grunn at i «helt spesielle situasjoner der enkeltkommuner ikke må kunne stanse endringer som er hensiktsmessige ut fra regionale hensyn» bør det vurderast endring. Randaberg er frå fleire hald trekt fram som eit slikt eksempel. Vi har likevel kome til at vi ikkje vil tilrå endring i strid med vedtaket i kommunestyret i Randaberg i denne omgang.

#### Kvitsøy

Kvitsøy har, etter klar oppmoding frå Fylkesmannen, delteke i nabosamtalar og involvert innbyggjarane. Alternativet Utstein kommune viser seg å ikkje vere realistisk etter dei vedtaka som er gjort i Rennesøy, Finnøy og Kvitsøy.


Kvitsøy er i dag ein spesiell øykommune med forsvarleg kvalitet på tenestetilboden og har gjennom samarbeid med andre kommunar kompetanse på viktige fagfelt. Dette talar for å respektere frivilligprinsippet. Men Kvitsøy er også særleg sårbar når det gjeld kapasitet, kompetanse og økonomisk grunnlag for å oppretthalde tenestetilboden. Samstundes er Kvitsøy allereie i dag tett knytt til fastlandssida, både når det gjeld dagleg arbeidspendling og interkommunalt samarbeid. Når Rogfast blir ferdig, talar mykje for at Kvitsøy, som landets minste kommune i areal, må vurdere

grensene sine. Samstundes blir det vanskeleg å hevde at strukturen i dag ikkje er hensiktsmessig ut frå regionale omsyn.

Dette blir også ei vanskeleg avveging. Vi vil respektere det samråystes vedtaket i kommunestyret slik situasjonen er i dag. Samstundes rår vi til at kommunestrukturen for Kvitsøy blir teken opp til vurdering når Rogfast er etablert.

### Bokn

Bokn har, etter klar oppmading frå Fylkesmannen, delteke i nabosamtalar og involvert innbyggjarane. Kommunestyret har, etter klart råd i folkerøysting, gjort samråystes vedtak om å fortsette som eigen kommune.



Bokn har etter vår vurdering i dag store utfordringar når det gjeld kvalitet på tenestetilbod og forsvarleg kompetanse på viktige fagfelt – jf. vedlegg 2. Dette kan i aukande grad gjere seg gjeldande i framtida. Det kan ikkje vere ei framtdsretta løysing å legge opp til det planlagde omfanget av kjøp av tenester frå Karmøy – sjå vedlegg.

Bokn er i aukande grad tett knytt til nabokommunar, både når det gjeld dagleg arbeidspendling og når det gjeld interkommunalt samarbeid. Det har skjedd store endringar når det gjeld infrastruktur dei siste 10-åra, og ny E39 er under planlegging i samband med Rogfast. Dette talar også for at kommunestrukturen bør endrast.

Frivilligprinsippet skal vege tungt i vurderinga vår. Vi vil ut frå samråystes vedtaket i kommunestyret ikkje rå til endring i dag. Vi vil samstundes rå til at Bokn og Tysvær har ein vidare dialog bygd på intensjonsavtalen som ligg føre, for på sikt å danne ein ny kommune.

### Utsira


Utsira har delteke i nabosamtalar og involvert innbyggjarane. Prosessen har ikkje ført fram til intensjonsavtale med kommunar på fastlandet.

Utsira er i dag eit heilt spesielt øysamfunn og har gjennom interkommunalt samarbeid forsvarleg tenestetilbod og kompetanse på dei viktigaste fagfelta. Dette talar for å respektere frivilligprinsippet. Samstundes er Utsira i dag i så stor grad avhengig av interkommunalt samarbeid, og vil bli det i aukande grad, at dette talar for endring. Når prognosane tilseier at folketalet går endå meir ned, kan det her kome til eit grensepunkt når det gjeld det å bli definert som ein eigen kommune.

Vi vil samla sett rå til å respektere vedtaket i kommunestyret slik situasjonen er i dag. Samstundes er det vår vurdering at strukturspørsmålet når det gjeld Utsira må kome opp igjen på relativt kort sikt, noko som også vil gjelde andre øykommunar i same situasjon.

### Hjelmeland

Hjelmeland har delteke i nabosamtalar og involvert innbyggjarane. Eit knapt fleirtal (10:9) i kommunestyret ønskjer at kommunen skal halde fram som eigen kommune.



Kommunen har forsvarleg kvalitet på dei viktige tenestetilboda, og har trass i utfordringar tilfredsstillande kompetanse på viktige fagfelt. Kommunen ser føre seg å vidareutvikle det interkommunale samarbeidet etter behov. Dette talar for å respektere frivilligprinsippet. Samstundes er det vår vurdering at Hjelmeland allereie i dag er så tett knytt til nabokommunar når det gjeld interkommunalt samarbeid, at det kan vere ei betre løysing for framtida å samle kompetansen i ein ny kommunestruktur. Når Ryfast blir ferdig og vegen elles blir rusta opp, kan orienteringa mot Strand bli endå tydelegare. Samstundes har vi vanskeleg for å hevde, m.a. ut frå geografien i Hjelmeland, at strukturen i dag ikkje er hensiktsmessig ut frå regionale omsyn. Kommunen er omtalt som «ufrivillig liten» i det nye inntektssystemet.

Ut frå ei samla vurdering, og med særleg vekt på utfordringane på viktige tenesteområde, vil vi rá til at Hjelmeland på sikt vurderer å bli ein ny kommune saman med Strand og Forsand.

## 2.2.2 Andre aktuelle endringar (ikkje rangert)

### Jæren (Hå, Time, Klepp)

Fylkesmannen har vore i god dialog med dei tre kommunane gjennom heile prosessen mot ein ny Jæren kommune, og vi signaliserte tidleg at dette vil kunne vere ein kommune som svarar godt opp om måla med reforma. Samstundes er dette veldrivne kommunar også med dagens struktur, der alle har eit innbyggartal som nærmar seg 20 000.

Vi har framheva at Jæren er eit område med felles identitet, korte avstandar, byen Bryne som etablert regionsenter og felles utfordringar m.a. når det gjeld planlegging av framtidige tettstadsområde og infrastruktur. Vi har også lagt vekt på at dette er tre «likeverdige» kommunar med relativt like ressursar. Eit moment frå vår side er også at dagens kommunegrenser synest utdaterte mellom Time og Klepp, grensene går delvis gjennom integrerte tettstadsområde.

Med særleg vekt på at dette er kommunar som fungerer godt i dag med eit relativt stort folketal, og ut frå dei klare vedtak mot ny kommunestruktur i Klepp og Hå, vil det vere rett å respektere frivilligprinsippet. Det ville vere særskilt krevjande å bygge den nye kommunen med så stor motstand i folket i Hå og Klepp og ut frå det klare politiske utfallet. Vi står samstundes fast på at Jæren kommune kan bli ein god og framtidsretta kommune i tråd med minst tre av dei fire måla med reforma.

### Gjesdal

Fylkesmannen har vore i tett dialog med Gjesdal gjennom heile prosessen, og kommunen har teke initiativ i tråd med ráda våre. Det har vore fleirtal i folket i Gjesdal for endring. Kommunen har ikkje kome fram til endeleg avtale med nabokommunar.

Gjesdal er ein veldriven kommune i dag, samstundes som kommunen står føre utfordringar både kompetansemessig og økonomisk. Ut frå vedtaket i kommunestyret, og initiativ som ikkje har ført fram, vil vi ikkje tilrå endring i kommunestruktur for Gjesdal i denne omgang. Gjesdal kan på sikt bli ein ny kommune saman med Sandnes, noko avhengig av kva som eventuelt skjer mellom Sandnes og Nye Stavanger.

## **Nord-Jæren (Sola, Sandnes, Stavanger)**

Sola, Sandnes og Stavanger har, etter initiativ frå Sola, gjort eit omfattande arbeid som resulterte i eit prinsippdokument for danning av «Nord-Jæren kommune». Randaberg var også invitert, men takka nei. Arbeidet mellom desse tre kommunane har vore relativt krevjande, med tydeleg skepsis frå Sandnes og Sola gjennom heile prosessen.

«Nord-Jæren kommune» kunne blitt ein kommune som svarte godt opp mot fleire av måla med reforma, særleg gjeld dette målet om ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. Kommunane har, i særstilling i fylket, felles utfordringar i ein tett integrert bustad- og arbeidsmarknad. Området blir sett på som eit av dei mest integrerte byområda i landet, og blir å definere som eit «funksjonelt samfunnsutviklingsområde». Vi vil særleg peike på at dagens kommunegrenser mellom dei tre kommunane på Forus gir spesielle utfordringar – sjå eigen omtale.

Dette er veldrivne kommunar også med dagens struktur, med eit godt tenestetilbod. Klare politiske vedtak mot ny kommunestruktur i Sandnes og Sola er vanskeleg å sjå bort frå. Vi står samstundes fast på at «Nord-Jæren» kunne blitt ein god og framtidsretta storbykommune, og at korte avstandar og felles utfordringar tilseier at dette kunne vore ein felles kommune. Dette også om Finnøy og Rennesøy blir ein del av denne kommunen. Det same gjeld for Randaberg og Kvitsøy. Sola peikar seg særleg ut som ein logisk kommune å vurdere saman med «Nye Stavanger», på lik line med Randaberg.

Dersom det ikkje blir endringar i kommunestrukturen mellom Sola, Stavanger og/eller Sandnes, bør grensespørsmålet på Forus utgreiaast nærmare etter reglane i inndelingslova. Vi viser her til eigen omtale.

## **Sauda og Suldal**

Sauda og Suldal har vore i dialog som aktuelle nabokommunar gjennom prosessen, men dette har ikkje ført fram til avtale om endring i kommunestruktur. Vår vurdering er at Sauda og Suldal som ein kommune kunne gitt eit godt grunnlag for framtida, særleg med omsyn til kompetanse og kapasitet innan viktige tenesteområde. Ut frå dei klare vedtaka i kommunestyra, og grunngjevinga for desse, vil vi ikkje tilrå endring i kommunestruktur for Sauda og Suldal. Her er store avstandar, og det blir uansett ei utfordring å sikre nærleik til tenestetilbod. Vi vil samstundes peike på at stor avstand ikkje treng vere til hinder for endring i kommunestruktur, dersom det blir godt lagt til rette for desentraliserte tenester.

## **Karmøy, Haugesund, Tysvær og Sveio (Hordaland)**

Dei fire aktuelle kommunane på ytre Haugalandet har gjort eit relativt omfattande arbeid med kommunereforma, med ein eigen rapport som kan gi grunnlag for å vurdere ny struktur.

Fylkesmannen vil samstundes peike på at prosessen på ytre Haugalandet har vore relativt krevjande. Det er ei særleg utfordring å få til frivillige avtalar når vi har etablert regionsenter som Haugesund omringa av relativt store kommunar, tilsvarande som for Stavanger.

Justeringar av kommunestruktur på ytre Haugalandet ville svare godt på fleire av måla med reforma, særleg gjeld dette målet om ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. Dagens kommunegrense på fastlandsida av Karmøy er i særstilling ei felles utfordring for Haugesund og Karmøy – sjå eigen omtale.

Karmøy, Haugesund og Tysvær er veldrivne kommunar også med dagens struktur, med eit godt tenestetilbod. Med særleg vekt på at dette er kommunar som fungerer godt i dag, og ut frå så klåre politiske vedtak mot ny kommunestruktur i alle kommunar utanom Haugesund, vil det vere rett å respektere frivilligprinsippet. Det vil også vere særskilt krevjande å bygge ein ny storkommune slik situasjonen er i dag. Vi står samstundes fast på at endring i kommunestruktur kan vere aktuelt på

sikt, slik les vi også rapporten kommunane sjølv har laga. I første omgang ser vi for oss at Sveio (Hordaland) og Haugesund går saman i ein ny kommune, om Sveio ikkje finn saman med kommunar i nord.

Dersom det ikkje blir endringar i kommunestrukturen, bør grensespørsmålet på fastlandsida av Karmøy utgreiaast nærmare etter reglane i inndelingslova, m.a. fordi vi har motteke innbyggarinitiativ for vurdering av dette spørsmålet. Vi viser her til eigen omtale under.

### **3. Grensespørsmål**

Det ligg i oppdraget knytt til reforma at aktuelle grenseendringar skulle takast opp. Det har kome opp fleire grensespørsmål gjennom prosessen, m.a. fordi det er teke initiativ frå Fylkesmannen. Dessutan har vi motteke innbyggarinitiativ til grensejusteringar, og kommunar har sjølv teke opp spørsmålet.

#### Åna-Sira i Sokndal og Flekkefjord

Bygda Åna-Sira heilt sør i Sokndal er delt både av kommunegrense og fylkesgrense. Spørsmålet om grensejustering har vore oppe i prosessen, og det har vore semje om at det er særleg aktuelt om det blir ny kommunestuktur i Dalane. Det vil då vere logisk at heile bygda blir overført til Flekkefjord. Rådet vårt er at dette spørsmålet blir greidd ut etter reglane i inndelingslova når spørsmålet om kommunestuktur er endeleg avklart i Stortinget.

#### Hylsstronda i Suldal

Bygda Hylsstronda ligg heilt nordvest i Suldal kommune. Kommunegrensa i dette området blei i si tid etablert på grunnlag av båtruter. Geografisk sett er det liten tvil om at det her bør gjerast ei endring i grensa, og det bør også vere mogleg å få til ei løysing når det gjeld fordeling av kraftinntekter. Samstundes ville denne grensesaka vore løyst om det blei danna ein ny kommune mellom Suldal og Sauda. Det er vårt inntrykk at ein viktig grunn til at folket i bygda ikkje ønskjer endring er økonomiske omsyn, i dette inngår det å oppretthalde tenestetilbodet lokalt. Det er godt kjent at Suldal er betre økonomisk stilt enn Sauda. Vi rår likevel til ei grensejustering slik at Hylsstronda blir overført til Sauda. Kor grensa skal gå må avklarast i ein eigen prosess, det same gjeld økonomiske spørsmål.

#### Jøsenfjorden i Hjelmeland

Spørsmålet om kommunegrensa i bygda inst i Jøsenfjorden i Hjelmeland har kome opp etter initiativ frå innbyggjarane. Særleg skulespørsmålet har vore eit viktig tema. Folket i bygda ønskjer at borna skal gå på skule i Erfjord i Suldal. Dette er etter vår vurdering ei fornuftig løysing, og det var budsjettet med at Hjelmeland skulle kjøpe skuleplassar frå Suldal. Kommunestyret følgde ikkje opp med vedtak om dette. Vi har i møte med kommunen oppfordra dei til å finne ei løysing, og vil difor vente med endeleg tilråding om dette spørsmålet. Vi vil ettersende tilrådinga saman med grensespørsmålet på Ombo – sjå under.

#### Ombo i Finnøy og Hjelmeland

Det er lagt opp til å høyre folket på Ombo i spørsmålet om kommunetilknyting. Det er semje om at heile øya bør vere i same kommune. Vi vil gi vår tilråding når resultatet av høyringa er kjend, og kommunane har gjort si endelege vurdering.

#### Raglamyr/Norheim i Karmøy og Haugesund

Fylkesmannen har motteke eit eige innbyggarinitiativ frå gruppa Aksjon Fastlands-Karmøy, der det blir bedt om ei utgreiing av kommunegrensa for fastlandsdelen av Karmøy. Gruppa har også skaffa underskrifter for å be kommunestyret om ei eiga folkeavrøysting om denne delen av kommunen, noko kommunestyret av formelle grunnar har avvist. Det blir bedt om grensejustering slik at fastlandssida blir ein del av Haugesund. Det er laga alternative kartskisser for korleis dette kan

løysast. Bystyret i Haugesund har også invitert til ei grensejustering i sitt vedtak, medan Karmøy kommunestyre går imot endring av grensa.

Fylkesmannen vil, slik vi også har gjort tidlegare i prosessen, gi uttrykk for at det ville gi ei betre samordna planlegging om grensa i dette området blir justert. Vi er samstundes merksame på at grensejustering vil vere eit svært krevjande spørsmål å avklare etter dei vedtaka som er gjorde i Karmøy. Vårt råd er at dette spørsmålet blir greidd ut etter reglane i inndelingslova når spørsmålet om kommunestruktur er endeleg avklart i Stortinget.

#### Forus i Sandnes, Stavanger og Sola

Forus-området er eit nasjonalt viktig næringsområde med om lag 45 000 arbeidsplassar. Vår erfaring er at det har vore relativt store utfordringar knytt til samla planlegging av dette området, og at kommunegrensene har komplisert forvaltinga. Det har t.d. vore krevjande å få til ein felles politikk for lokaliseringssstyring av verksemder, og til å få etablert ein god infrastruktur. Resultatet har blitt transportutfordringar, særleg som følgje av stor auke i biltrafikk.

Nokre av næringsaktørane på Forus har, i eige brev til Fylkesmannen datert 27.06.2016, teke initiativ til grensejustering på Forus. Det blir bedt om ei justering slik at næringsområdet blir samla i ein kommune, og det er laga alternative kartskisser for korleis dette kan løysast. Fylkesmannen vil, slik det også kjem til uttrykk i rapporten frå kommunane, peike på at det vil gi ei betre samordna planlegging av Forus om dette området ikkje er delt mellom tre kommunar. Ei grensejustering vil vere ein særskilt krevjande prosess slik kommunestrukturen er i dag, og ut frå dei klare politiske signalene frå Sola og Sandnes. Den mest aktuelle løysinga på dette blir i så fall ny kommunestruktur i området, i det minste omfatta av to av kommunane. Vårt råd er at dette spørsmålet likevel blir greidd ut etter reglane i inndelingslova når spørsmålet om kommunestruktur er endeleg avklart i Stortinget.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Lone Merethe Solheim  
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80 – 481 47 213  
e-post: [fmroaro@fylkesmannen.no](mailto:fmroaro@fylkesmannen.no)

Kopi til:  
Kommunane i Rogaland  
Rogaland fylkeskommune  
Fylkesmennene i Hordaland og Vest-Agder  
KS Rogaland

# Kommunereform Rogaland - tilråding

## 27. september 2016

### Vedlegg 1 – Regionvis omtale av prosess og vedtak i kommunane:

#### A) Dalane



Kommunereformprosessen starta opp etter ein del dialog mellom regionråd Dalane og Fylkesmannen, og dei fire kommunane avtalte i første omgang å gjennomføre ein SWOT-analyse. Dette felles prosjektet resulterte i at Eigersund og Sokndal gjekk vidare med å skrive intensjonsavtale, medan Lund og Bjerkreim i første omgang ikkje var med vidare. Lund gjorde i ettertid vedtak om å vere med i avtalen som var gjort mellom Sokndal og Eigersund som grunnlag for folkerøysting. Lund skreiv også intensjonsavtale med Flekkefjord i Vest-Agder. Bjerkreim har ikkje hatt meir forpliktande avtale med andre kommunar i Dalane, men har hatt nabosamtale med Gjesdal.

Alle fire kommunane har involvert folket og fatta vedtak innan fristen. Eigersund har gjort endelig vedtak (20:11) om å danne ny kommune saman med Lund og Sokndal, med grunnlag i intensjonsavtale. Alternativt å danne ny kommune med ein av desse kommunane. Sokndal kommune har gjennomført spørjeundersøking i mai 2016, Lund kommune har hatt folkerøysting i juni 2016 og Eigersund har involvert folket gjennom folkemøte. Bjerkreim har hatt spørjeundersøking i mai 2016, utan at det var skrive intensjonsavtale med nokon kommune. Både Lund (18:3), Sokndal (13:8) og Bjerkreim (14:3) har gjort sluttvedtak i kommunestyra om å halde fram som eigen kommune.

#### B) Jæren



Hå, Time og Klepp var først ute med naboprat på Jæren. Det blei signert intensjonsavtale for Jæren kommune i januar 2016. Avtalen var eit resultat av ein god dialog mellom dei tre kommunane, og blei lagt fram til folkeavrøysting den 24.04.2016. Prosessen har vore prega av ei tydeleg administrativ og politisk leiing, der ei samla stryringsgruppe var positiv til å danne Jæren kommune. Ordførarane presenterte intensjonsavtalen for statsråd Jan Tore Sanner den 24.02.2016. Kommunane hadde eit relativt omfattande opplegg for involvering av folket før folkerøystinga.

Folket i Klepp (73 %) og Hå (75 %) sa tydeleg nei til å danne nye Jæren kommune, medan folket i Time (56 %) sa ja. Klepp (30:1) og Hå (samrøyistes) har i juni gjort endelige vedtak om å følgje rådet frå folket, medan Time (samrøyistes) vedtok å følgje rådet om å danne nye Jæren kommune.

Gjesdal kommune var initiativtakar til arbeidet med fellesutgreiing for alle åtte kommunane på Jæren og har invitert til naboprat med Sandnes og Bjerkreim. Det blei i april 2016 gjennomført ei innbyggarundersøking med fleirtal for endring av kommunestuktur (55 %), der Bjerkreim og Sandnes kom nokolunde likt ut som alternativ. Dette har ikkje ført vidare fram til konkret avtale, og det blei i sluttfasen gjort avtale med Forsand om eit prinsippdokument. Forsand har i ettertid gjort vedtak som går i retning av Sandnes eller Strand, og slik sett står Gjesdal igjen utan avtalar med nabokommunar.


Etter at Hå, Time og Klepp hadde starta prosessen i sør, inviterte Sola til ein naboprat mellom Sola, Sandnes, Stavanger og Randaberg. Randaberg takka nei til å delta i prosessen, og dei tre andre gjekk så vidare. Fylkesmannen rådde Randaberg til å delta i arbeidet. Det blei, etter ein relativt krevjande prosess, signert eit prinsippdokument for ein ny kommune omtalt som Nord-Jæren kommune. Prosessen har vore prega av diskusjonar om innhaldet av enkeltelement i avtalen, og det er vår vurdering at det blei vel mykje fokus m.a. om spørsmål som kommunenamn og eigedomsskatt. Det er vårt inntrykk at fleire sentrale politikarar i Sandnes og Sola gjekk inn i denne prosessen fordi det var venta frå sentralt hald at det skulle gjennomførast ein naboprat, samt ei involvering av folket, og ikkje ut frå at det kunne vere aktuelt å danne Nord-Jæren kommune.

Prinsippdokumentet blei lagt fram til folkeavrøysting den 30.05.2016. Kommunane gjennomførte eit omfattande informasjonsarbeid for å involvere folket før folkerøystinga. Folket i Sandnes (82 %) og Sola (75 %) sa nei til å danne Nord-Jæren kommune, medan folket i Stavanger (74 %) sa ja til ny kommunestuktur. I Stavanger var det også stilt alternativt spørsmål, og det kjem her fram at 57 % sa ja til Nord-Jæren kommune. Vi vil peike på at det var relativt låg valdeltaking (Stavanger 26 %, Sandnes 33 %, Sola 44 %), samstundes som det var eit tydeleg resultat i Sandnes og Sola.

Sandnes (44:5) og Sola (samrøyistes) har i juni gjort endelige vedtak om å følgje rådet frå folket om å halde på dagens grenser, medan Stavanger vedtok å følgje rådet om å danne ny kommune. I vedtaket i Stavanger ligg også ei opning for ein storkommune, men det er samstundes opna for alternative løysingar. Vi viser til nærmare omtale under når det gjeld Finnøy og Rennesøy som har vedteke å danne ny kommune saman med Stavanger, og når det gjeld Randaberg og Kvitsøy. I vedtaket frå Sandnes er det opna opp for ein ny kommune saman med Forsand.

Randaberg gjennomførte innbyggarundersøking med alternativa 0-versjon og Utstein, med klart fleirtal for 0-versjonen (62 %). Kommunestyret gjorde deretter vedtak (17:10) om å bestå som eigen kommune. Folket i Randaberg fekk ikkje til vurdering alternativet med Stavanger.

## C) Ryfylke



Det har vore ulike prosessar i og mellom dei ulike kommunane i Ryfylke. Rennesøy og Finnøy hadde folkeavrøysting i juni, med alternativa Utstein og Stavanger. Det blei her fleirtal for å gå saman med Stavanger, noko som også blei vedteke i kommunestyra i Finnøy (samrøystes) og Rennesøy (16:5). Kvitsøy hadde også folkeavrøysting med klart fleirtal (78 %) om å bestå som eigen kommune, noko som også blei vedteke i kommunestyret (samrøystes).

Hjelmeland, Strand og Forsand var først ute i Rogaland med nabosamtalar og involvering av folket, og var også først til å skrive intensjonsavtale. Hjelmeland hadde folkeavrøysting om kommunereform saman med valet i 2015, der det blei nei (54 %) til vidare arbeid med ny kommunestuktur. Forsand kommunestyre gjorde, etter innbyggarundersøking, vedtak om å ikkje gå vidare med dette alternativet. Etter valet blei det teke initiativ frå Strand om å ta opp igjen nabopraten. Hjelmeland har vedteke (10:9) å bestå som eigen kommune, medan Forsand har vore i dialog med Sandnes, Strand og Gjesdal. Forsand har i ekstra kommunestyre 7. september gjort vedtak (9:8) om å danne ny kommune saman med Sandnes.

Suldal og Sauda har delteke i felles utgreiingsarbeid saman med kommunar på Haugalandet, sist med eiga utgreiing i samarbeid med Vindafjord og Etne (Hordaland). Det er gjennomført innbyggarundersøking i april 2016, der det blei nei til endring av kommunestuktur i Suldal (66 %) og Sauda (51 %). Kommunestyra i Suldal (samrøystes) og Sauda (15:4) har avslutta prosessen ved på gjere vedtak om å bestå som i dag. Kommunestyra har også vurdert grensejustering for Hylsstronda.

## D) Haugalandet



Det har vore ulike prosessar i og mellom dei ulike kommunane på Haugalandet. Først blei det gjennomført eit forprosjekt for alle dei ti eigarkommunane i Haugaland Vekst, med ulike modellar for ny kommunestuktur. Vindafjord har delteke i nemnde samarbeid aust i regionen, som nå har enda ut i vidare naboprat med Etne (Hordaland). Karmøy, Tysvær, Haugesund og Sveio har laga ein felles rapport «[Mulighetsstudium om storkommune på ytre Haugalandet](#)», som etter vår vurdering gav eit godt faktagrunnlag for vidare prosess.

Karmøy var første kommune i fylket til å avslutte prosessen med endeleg vedtak (37:8) i mars 2016, vedtak om å halde fram som eigen kommune. Karmøy var også tidleg ute med eiga utgreiing, og med involvering av folket gjennom innbyggarundersøking allereie i mai 2015. Det blei i ettertid bestemt at det skulle vere folkeavstemming, men dette blei seinare omgjort.

Det kom fram av innbyggarundersøkinga at 56 % av folket var opne for endring i kommunegrenser, 21 % av desse ønskjer berre grensejustering.

Haugesund har invitert alle nabobar til naboprat, noko som i siste fase resulterte i intensjonsavtale med Sveio (Hordaland). Sveio har gjort vedtak om å ikkje gå vidare med Haugesund. Kommunestyret i Utsira har etter klårt nei (86 %) til ny kommunestruktur i folkeavstemming vedteke (samrøystes) å halde på dagens grenser. Tysvær og Bokn har, m.a. etter involvering frå fylkesmannen, hatt nabosamtalar og skrive intensjonsavtale. Bokn kommunestyre har, etter klart nei (75 %) til avtalen med Tysvær i folkeavstemming, vedteke (samrøystes) å bestå som eigen kommune. Tysvær er klart positive til å danne ny kommune saman med Bokn. Vindafjord er framleis i dialog med Etne og har fått utvida frist til å gjere endeleg vedtak.

## **Statusoversikt Rogaland pr 1. juli**

### **Folkeavstemming:**

Kommune	Når	Deltaking	Spørsmål/resultat
Lund	30/5-2016	50,3%	Nei – 76,8 % Ja Egs Sokndal – 10,1 % Ja Flekkefjord – 12,7 %
Hå	25/4-2016	60,1	Ja til Jæren 23,9% Nei til Jæren 74,5 %
Time	25/4-2016	53,8 %	Ja til Jæren 56,4 % Nei til Jæren 40,8 %
Klepp	25/4-2016	57,4 %	Ja til Jæren 25,3 % Nei til Jæren 73,2 %
Sola	30/5-2016	41,2 %	Ja til N-Jæren 18,4 Nei til N-Jæren 80,9 %
Sandnes	30/5-2016	32,5 %	Ja til N-Jæren 17,3 % Nei til N-Jæren 82,1 %
Stavanger	30/5-2016	25,7 %	Ja ny kommune 73,7 % Nei ny kommune 24,2 % N-Jæren av Ja 57 %
Rennesøy	1/6-2016	47,1 %	Ja ny kommune 56,7 % Nei ny kommune 42,4 % Utstein 38,9% Stavanger 46 % Veit ikkje 7,9 % Blank 7,2 %
Finnøy	8/6-2016	48,1 %	Ja ny kommune 67,8 % Nei ny kommune 28,8 % Utstein 8,8 % Stavanger 75 %
Kvitsøy	1/6-2016	54,2 %	0-alt - 78,2 % Utstein – 18,3 %
Utsira	4/4-2016	65 %	0-alt 85 % Ny kommune 14 %
Hjelmeland	14/9-2015	63 %	Nei til ny struktur 54 % Ja 46 %
Bokn	20/6-2016	63,2 %	0-versjon 75 % Tysvær 25 %
Vindafjord/Egne	26/9-2016		Utsett frist

## Meiningsmåling/innbyggarundersøking:

Kommune	Når	Tal intervjua	Spørsmål/resultat
Bjerkreim	Mai 2016	300	48 % mot endring 37 % for endring 15 % veit ikkje Om ja 60 % Gjesdal
Forsand	Aug 2016	300	50 % Sandnes 42 % Strand 3 % Gjesdal
Gjesdal	April 2016	700	41 % mot endring 55 % for endring - 20 % Bjerkreim - 19 % Sandnes
Karmøy	Mai 2015	1350	41 % mot endring 56 % for endring - 21 % grensejustering - 13 % m/Haugesund - 22 % utan Haugesund
Randaberg	Juni 2016	1000	62 % mot endring 26 % Ja Utstein 8 % veit ikkje
Sauda	April 2016	400	51 % mot endring 47 % for endring av desse 64 % til Suldal 59 % ja til grensejustering Hylsstronda
Sokndal	Mai 2016	500	53 % mot endring 37 % for endring 10 % veit ikkje
Strand	Mai 2015	500	71 % for endring 17 % mot endring
Suldal	April 2016	400	66 % mot endring 87 % ja til grensejustering Jøsenfjorden 53 % nei til grensejustering Hylsstronda
Sveio (Hordaland)	Juni 2016	500	67,7 % Nei til HGS 23 % Ja til HGS
Vindafjord	April 2016	600	55 % for endring 37 % for Etne 42 % mot endring

Haugesund, Eigersund og Tysvær har bare hatt folkemøte

## Kommunestyrevedtak Rogaland (alfabetisk)

Kommune	Møtetidspunkt	Innstilling	Vedtak
Bjerkreim	15/6	Ny struktur	0-versjon (14:3)
Bokn	21/6	0-versjon	0-versjon (samrådstes)
Eigersund	20/6	Ny struktur	Ja til Lund/Sokndal (20:11)
Finnøy	22/6	Avtale Stavang/Rennesøy	Ja til Stav/Rennesøy (samrådstes)
Forsand	15/6 og 7/9	Avtale m/Sandnes	Ja til avtale m/Sandnes (9:8)
Gjesdal	13/6	Avtale m/Forsand	Ja til avtale m/Forsand (27:4)
Haugesund	15/6	Avtale m/Sveio og Grensejustering Karmøy -ønskjer grensejustering Karmøy	Ja til Sveio (samrådstes) -ønskjer grensejustering Karmøy
Hjelmeland	22/6	0-versjon	0-versjon (10:9)
Hå	16/6	0-versjon	0-versjon (samrådstes)
Karmøy	7/3	0-versjon	0-versjon (37:8)
Klepp	20/6	0-versjon	0-versjon (30:1)
Kvitsøy	14/6	0-versjon	0-versjon (samrådstes)
Lund	16/6	0-versjon	0-versjon (18:3)
Randaberg	22/6	0-versjon	0-versjon (17:10)
Rennesøy	16/6	Avtale Stavang/Finnøy	Ja til Stavanger/Finnøy (16:5)
Sandnes	20/6	0-versjon Alt avtale Forsand	0-versjon (44:5) - alt Forsand
Sauda	22/6	0-versjon, justering mot Suldal	0-versjon , justering mot Suldal (15:4)
Sokndal	13/6	Avt m/Eigersund og Lund	0-versjon (13:8)
Sola	9/6	0-versjon	0-versjon (samrådstes)
Stavanger	13/6	Avtale Finnøy/Rennesøy Ønskjer storbykommune	Ja til Finnøy/Rennesøy Ønskjer større kommune
Strand	15/6	Ny kommune m/Forsand og Hjelmeland Alt dialog med Stavanger	Ja Forsand og Hjelmeland Alt Forsand
Suldal	14/6	0-versjon, justering mot Sauda	0-versjon (samrådstes) Nei-justering Hylsstronda (14:5)
Time	14/6	Jæren kommune (Hå, Klepp, Time)	Jæren kommune (samrådstes) Men vil ikke ta nytt initiativ
Tysvær	21/6	Avtale Bokn, alt 0-versjon	Avt Bokn/0-versjon (samrådstes)
Utsira	13/6	0-versjon	0-versjon (samrådstes)
Vindafjord	21/6	Avtale Etne	Ja til prosess m/Etne (21:4)

## **Rogaland - oppsummering:**

### **1. Kommunar som ønskjer å slå seg saman (5):**

- a) Rennesøy, Finnøy og Stavanger
- b) Forsand og Sandnes

### **2. Kommunar som ønskjer samanslåing, men som ikkje får med seg naboane (6/7):**

- a) Eigersund med naboane Lund og/eller Sokndal
- b) Time med naboane Hå og Klepp
- c) Stavanger med alle naboar (Ja frå Rennesøy og Finnøy)
- d) Strand med Forsand og/eller Hjelmeland
- e) Gjesdal med Forsand
- f) Tysvær med Bokn
- g) Haugesund med alle naboar

### **3. Kommunar som har vedteke at dei vil fortsetje som i dag (14):**

Lund, Sokndal, Bjerkreim, Hå, Klepp, Sola, Randaberg, Kvitsøy, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Bokn, Utsira, Karmøy

Dette blir i sum 27 kommunar når vi tek med Etne frå Hordaland, og når Stavanger ikkje blir rekna to gonger.

### **4. Uavklart**

- a) Vindafjord og Etne (Hordaland) – uavklart - folkerøysting 26. september.



# Kommunereform Rogaland - tilråding


## 27. september 2016

### Vedlegg 2 – Utfordringsbilete regionsvis

#### 1. Rogaland fylke - innleiing

##### Inndeling av fylket:


Vi har i vår omtale av kommunane valt å dele fylket i inn i fire regionar, slik fylket blir presentert i ulike samanhengar. Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy blir då vist som ein del av Ryfylke, sjølv om dei etter endring i infrastruktur har størst tilknyting til Nord-Jæren.



## **Innhald**

1.	Rogaland fylke - innleiing .....	1
	Inndeling av fylket: .....	1
	Rogaland demografi .....	3
2.	Regionvis omtale .....	5
	A) Dalane .....	5
	Demografi: .....	5
	Aktuelt grensespørsmål .....	6
	Kommunen som tenesteutøvar .....	6
	Interkommunalt samarbeid.....	7
	Økonomisk status .....	8
	B) Jæren.....	10
	Demografi: .....	10
	Aktuelt grensespørsmål .....	11
	Kommunen som tenesteutøvar .....	11
	Interkommunalt samarbeid.....	12
	Økonomisk status .....	14
	C) Ryfylke .....	17
	Demografi: .....	17
	Aktuelle grensespørsmål .....	18
	Kommunen som tenesteutøvar .....	19
	Interkommunalt samarbeid.....	20
	Økonomisk status .....	21
	D) Haugalandet .....	23
	Demografi: .....	23
	Aktuelt grensespørsmål .....	24
	Kommunen som tenesteutøvar .....	24
	Interkommunalt samarbeid.....	25
	Økonomisk status .....	26


## Rogaland demografi



Folketal i kommunane i Rogaland, januar 2016

Rogaland har 26 kommunar, med til saman 470 000 innbyggjarar 1. januar 2016. 12 kommunar har under 5000 innbyggjarar, 9 kommunar mellom 5 og 20 000, og 5 kommunar har meir enn 20 000 innbyggjarar. 13 kommunar har under 10 000 og 13 har over 10 000 – sjå elles kartframstilling. Vi har Noregs minste kommune i folketal (Utsira) og i areal (Kvitsøy), og Randaberg som minste landkommune i areal.

Av figurane kan vi sjå at dei kommunane som er størst i areal oftest har lågt folketal. Av dei sju kommunane som er over  $500 \text{ km}^2$  er det berre Gjesdal som har over 10 000 innbyggjarar – sjå elles figur. Det er ei utfordring at kommunar med lågt folketal ofte er dei som har lengst avstandar, når vi ser bort frå Utsira, Kvitsøy og Bokn.




### *Folketal og areal i kommunane i Rogaland, januar 2016*

Vi vil her gi ein omtale av alle kommunane i fylket, eit slags utfordringsbilete med utgangspunkt i kjende data og eigen kunnskap. Dette som grunnlag for vår tilråding, der vi også vil gi ein meir konkret omtale av enkeltkommunar opp mot mål og kriterium for kommunereforma. Vi gir har også oversikt over dei mest aktuelle grenseendringane

## 2. Regionvis omtale

Vi har her henta informasjon frå ulikt hald, men særleg frå kommunale nettsider, SSB/KOSTRA og nettstaden [nykommune](#).

### A) Dalane



#### Demografi:

(Folketal 1.1.16. Endringar i % 5 og 10 siste år. Prognose alt. MMMM. Alderssamsetjing i % 1.1.16)

K.nr	Kommune	Folketal	Endring	Endring	Prognose		
			siste 5 år	siste 10 år	2040	0-15år	80+ år
1101	Eigersund	14 942	4,2	11,4	25,1	20,5	4,1
1111	Sokndal	3 313	1,5	0,4	8,8	20,9	6,1
1112	Lund	3 243	1,8	4,7	14,6	21,4	4,4
1114	Bjerkreim	2 825	6,6	14,1	28,9	23,8	4,1
<b>Dalane</b>		<b>24 323</b>	<b>3,7</b>	<b>9,1</b>	<b>21,9</b>	<b>21,1</b>	<b>4,4</b>
Rogaland		470 175	7,8	18,3	25,9	21,4	3,5
Landet		5 213 985	6,0	12,4	21,4	19,1	4,2

Utanom Egersund har kommunane under 5000 innbyggjarar. Regionen samla har svakare folketalsutvikling enn fylket og landet. Egersund og Bjerkreim er meir på landsnivå, medan Lund og særleg Sokndal har svak utvikling i folketala i perioden. Held trenden fram, vil Sokndal ha 6,3 og Lund 6,7 innbyggjarar i aldersgruppa 20-66 år i høve til innbyggjarar 80 og eldre i 2040, mot 9,0 for fylket og 7,8 for landet. Sokndal har i dag ein stor del eldre, medan Bjerkreim har større del barn.

Det bur nesten 13 000 arbeidstakrarar i Dalane og under 10 % av desse pendlar ut av regionen. Både Lund, Sokndal og Bjerkreim har mest utpendling til Egersund, og har samstundes størst pendling inn frå Egersund.

## Aktuelt grensespørsmål



### Åna-Sira

Åna-Sira er ei lita bygd heilt sør i Sokndal som er delt både av fylkesgrense og kommunegrense mot Flikkefjord. Det er ikke lenger skule i bygda, og det avtale om skuleplassar i Flikkefjord. Det er logisk å ta opp spørsmålet om grenseendring i Åna-Sira saman med kommunestruktur, særleg om nytt kommunesenter blir Eigersund.

## Kommunen som tenesteutøvar

Dalane står føre store utfordringar som følgje av demografisk utvikling, der særleg Sokndal og Lund vil få stor auke i tal eldre. Bjerkeim har ein større del yngre, og demografisk sett kan vi seie at kommunane utfyller kvarandre.

### Barnehage og skule

Kommunane i Dalane har felles PP-teneste med Egersund som arbeidsgivar.

Kompetansesituasjonen i barnehagen er utfordrande, og både Sokndal og Lund har om lag ein tredel av stillingane på dispensasjon. Lærartettleiken er noko høgare enn snittet for fylket og landet i Bjerkeim, Lund og Sokndal, men både Bjerkeim og Sokndal har samstundes vesentleg større del av lærarårsverka dekte av tilsette utan godkjend utdanning enn gjennomsnittleg for fylket og landet.

Alle kommunane har mange elevar på svakaste meistringsnivå på 5. trinn, og elevane i Dalane ligg litt under snittet når det gjeld grunnskulepoeng. Elevane fra Bjerkeim og Lund er likevel mellom dei som har best gjennomføring i vidaregåande opplæring i Rogaland. Elevane herifra ligg på 2. og 3. plass i fylket med vesentleg betre gjennomføring enn snitt for fylket og landet gjennom heile perioden etter tusenårsskiftet. Elevane fra Egersund har også litt betre gjennomføring enn snittet i heile perioden.

Elles gjer kommunestorleiken i seg sjølv det krevjande å ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet på kommunalt nivå til ei kvar tid i Bjerkeim, Lund og Sokndal. Desse kommunane er så små at dei blir særleg sårbar når det gjeld dette.

### Helse og omsorg

Dalaneregionen samarbeider om gjeldsrådgivning, legevakt og barnevern. Egersund, Lund og Bjerkeim samarbeider om legevaka lokalisert i Egersund. Lund, Egersund og Sokndal samarbeider om barnevern. Det er eit interkommunalt samarbeid på gjeldsrådgiving i Dalane (Egersund er vertskommune). Bjerkeim har eige barnevern, ei teneste som blir svært sårbar på grunn av få tilsette. Fylkesmannen har rådd kommunen til å bli ein del av samarbeidet i Dalane.

Alle kommunane i Dalane har utfordringar når det gjeld kompetanse og rekruttering innan sosialteneste, barnevern, helse og omsorg. Ei utfordring som går igjen er å få folkehelse på dagsorden i overordna planarbeid, og elles det å sikre kompetanse og gode fagmiljø. Dette heng ofta saman med økonomi, men det er også påverka av leiinga i kommunen si organisering og struktur. Det er gjennomgåande at interkommunalt samarbeid «tvingar seg fram», heller enn at dette er eit ønskje og etablert gjennom langsigte planar. Sokndal, Lund og Bjerkeim er så små at det er svært krevjande å etablere og oppretthalde gode fagmiljø på sikt, uavhengig av økonomiske føresetnader.

## **Interkommunalt samarbeid**

Det er som sagt eit mønster at kommunane i Dalane samarbeider på mange fagfelt, men med variasjon i kva kommunar som deltek. Lund er ikkje med når det gjeld renovasjon, og er delt for legevakt. Vi søkte og fann fram til 18 interkommunale organ der Eigersund var medeigar. Av desse var Lund og Sokndal medeigar i 15, og Bjerkreim i 14. Her er ei oppstilling av dei viktigaste områda der det er samarbeid:

- Regionråd: Regionråd Dalane der alle fire er med
- Energi: Dalane Energi IKS der alle er med
- VAR Renovasjon: Dalane interkommunalt miljøverk IKS( DIM) Eigersund, Bjerkreim og Sokndal. Lund er med i IRS saman med Flekkefjord, Sirdal og Kvinesdal i Vest-Agder.
- Brann: Eigersund og Bjerkreim samarbeider om brannvesen. Dei andre har eige brannvesen.
- Legevakt: Eigersund, Bjerkreim og Sokndal har felles legevakt. Lund er delt, Heskestadområdet soknar til Eigersund og Hå legevakttelefon, Moi og Hovsørad til Flekkefjord legevakt
- Barnevern: Dalane Barnevern: Eigersund, Lund, Sokndal. Bjerkreim har eigen teneste
- Øyeblikkeleg hjelp døgnpass ØHD: Eigersund og Sokndal har samarbeid. Lund samarbeider med Flekkefjord og tre andre kommunar i Vest-Agder.
- PPT: Felles PP-teneste for alle kommunane
- Helse, sosial elles: Etablert interkommunalt bufellesskap der alle fire er med.
- Arbeidsmarknadsbedrift: Uninor AS (Dalane Produkter) alle fire.
- Skatt, arbeidsgjevarkontroll: Samarbeidsavtale med Stavanger for alle kommunane
- Kultur, miljø m.m.: Dalane friluftsråd, alle fire. Dalane Folkemuseum likeeins.

## **Samfunnsutviklar**

Kommunane i Dalane har eit variert næringsliv, og det er stor intern pendling. Eigersund kommune har verksindustrien og fiskeriverksemrd, Lund har NorDan, Sokndal har gruveverksemda Titania, og Bjerkreim er ein nasjonalt viktig landbrukskommune.

Reiselivsnæringa er viktig i regionen, og har eit potensial for vidare utvikling. Regionen står føre stor satsing innan vindkraft. Dalane står føre store investeringar i infrastruktur, eksempelvis når det gjeld E39 og jernbanen. Kommunane er relativt gode på planarbeid, men dei minste kommunane har gjennomgåande for liten kapasitet og for låg og varierande kompetanse på feltet. Små fagmiljø gjer at planarbeidet i for stor grad blir personavhengig. Sokndal og Eigersund har i dag samarbeid om byggsaksbehandling.

Utfordringar knytt til endringar i klima har vi særleg fått merka i Dalane, sist ved storflaumen i desember 2015. Det er stor kvalitetsforskjell på arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap mellom Eigersund kommune og dei tre andre kommunane i Dalane. Forskjellen er større enn det som kan forklaraast ut frå innbyggartal. Eigersund er blant dei beste beredskapskommunane i Rogaland, medan Lund, Sokndal og Bjerkreim har store utfordringar på dette området. Det synest at arbeidet i for stor grad basert på innsats frå enkeltpersonar. Vår vurdering er at det er for lite samarbeid om samfunnstryggleik og beredskap, og at dette samla sett er kritisk for regionen.

Vår vurdering er at det ville vere klare fordelar å ha eit samla kompetansemiljø i Dalane innan samfunnsplanlegging, ikkje minst sett i høve til dei felles utfordringar som er i regionen. Alternativet til ny kommunestruktur må då bli eit meir formalisert samarbeid.


## Økonomisk status

Finansiering 2015

K.nr	Kommune	Skattenivå (% av landet)	Rammeoverføring (% av inntekt)	Kostnads- nøkkelen	Korrigert fri inntekt (KFI)	KFI m. eiend/kraft	Sårbarhets- indeks
1101	Eigersund	102,1	28,7	1,0066	98	98	17,3
1111	Sokndal	88,5	40,0	1,1303	97	98	32,9
1112	Lund	79,5	44,5	1,1231	98	94	74,6
1114	Bjerkreim	87,9	45,1	1,1307	100	101	20,4
	Rogaland	114,5	27,6	0,9766	102	102	18,8
	Landet	100,0	33,3	1,0000	100	100	


Egersund hadde i 2015 eit nivå for skatt pr. innbyggjar over landet, medan dei andre ligg under 90 %, og er av dei kommunane i fylket som er mest avhengige av rammeoverføringa. Korrigerte frie inntekter ligg på eller litt under landet. Alle kommunane skriv nå ut eigedomsskatt. Lund er sterkt avhengig av bedrifta NorDan AS og har høgast score på «sårbarhetsindeksen» av alle kommunane i landet.

## Økonomiske nøkkeltal




### Handlefridom

Berre Egersund hadde betre resultat enn landet i 2015. Lund og Sokndal hadde negative resultat i 2014. Alle har generelt stram økonomi.



### Disposisjonsfond

Egersund og Sokndal har større reserve i disposisjonsfondet enn landet, men for Sokndal skriv det vesentlege seg frå eit bufferfond i samband med finansinvesteringar. Kommunen selde aksjane i Lyse Kraft i 1999 og fondet skal jamna ut svingingar i utbytte/tap på desse investeringane. Lund har tappa fondet vesentleg.



### Netto lånegjeld

Bortsett fra Sokndal har kommunane lågare gjeldsnivå enn fylket og landet. I Sokndal er gjeldsnivået på veg ned etter sterkt opplåning til skuleutbygging for nokre år sidan.

### **Utslag endringar i inntektssystemet**

Alle kommunane vil tapa kvar om lag 2 mill. årleg grunna gradering av basistilskot. Sokndal har fått redusert distriktstilskotet frå om lag 5 mill. kr i 2014 til 1 mill. i 2016 og 0 i åra etterpå. Lund mista småkommunetilskotet på om lag 5,5 mill. i 2015, men får distriktstilskot på 2 mill. i 2016 og 2,8 mill. seinare. Omlegginga av småkommune/distriktstilskotet gir også utslag for Bjerkreim som får tilskotet halvert neste år, frå om lag 5,5 til 2,7 mill. kr. Lund taper i tillegg kompensasjonen for 2011-omlegginga på 2,4 mill. kr. Men den nye kostnadsnøkkelen gjer at Eigersund og Sokndal (bortsett frå tidlegare tap av distriktstilskot) ikkje taper særleg, medan Lund og særleg Bjerkreim taper samla sett. Særleg for dei to siste kommunane vil desse utsлага gi merkbar stramare økonomi.

### **Oppsummering økonomi**

Økonomisk sett vil vi hevde at kommunane i Dalane har større utfordringar enn fylket elles, og alle får negative utslag når det gjeld det nye inntektssystemet m.a. fordi det er relativt kort avstand til Eigersund. Både Lund, Sokndal og Bjerkreim fell difor inn under det som er omtalt som «frivillig liten». For Lund sin del er det avstanden til Flekkefjord som her er avgjeraende. Det er berre Lund som har att særleg meir potensiale i eigedomsskatten.

## B) Jæren



Jæren blir i denne samanheng 8 kommunar, frå Hå i sør til Randaberg i nord. 2/3 av folket i fylket bur i denne regionen. Alle kommunane har over 10 000 innbyggjarar. Det har vore sterke vekst i folketalet enn fylket og landet, men Stavanger har markert svakare vekst enn randkommunane, og dei siste åra også svakare vekst enn landet. Dette illustrerer også noko av dei plan- og utbyggingsmessige utfordringane i regionen. Jæren er det mest integrerte arbeids- og bustadområdet i fylket, med særlege utfordringar når det gjeld arealdisponering og transportløysingar.


Desse kommunane har hatt eit relativt omfattande samarbeid frå starten av reformarbeidet, som etter kvart resulterte i ulike variantar av nabopratar og intensjonsavtalar. Det blei frå tidleg i 2015 etablert i eiga nettside, [MinNyeKommune.no](http://MinNyeKommune.no), for desse åtte kommunane, og det er laga ei felles utgreiing som blei presentert i juni 2015. [Fellesutgreiinga](#) gir eit godt bilet av utfordringane i regionen, med vurderingar av ulike modellar sett i høve til mål og kriterium for reformarbeidet.

### Demografi:

(Folketal 1.1.16. Endringar i % 5 og 10 siste år. Prognose alt. MMMM. Alderssamsetjing i % 1.1.16)

K.nr	Kommune	Folketal	Endring siste 5 år	Endring siste 10 år	Prognose 2040	Del 0-15år	Del 80+ år
1119	Hå	18 591	10,5	24,9	40,0	23,9	3,2
1120	Klepp	18 970	9,0	27,9	47,2	23,5	2,5
1121	Time	18 572	12,9	25,4	39,8	23,0	3,0
1102	Sandnes	74 820	12,9	26,9	39,3	22,4	2,9
1122	Gjesdal	11 853	12,8	25,7	42,4	24,4	2,0
1103	Stavanger	132 644	5,3	15,2	12,5	19,7	3,5
1124	Sola	26 096	11,8	29,6	42,7	22,6	2,7
1127	Randaberg	10 737	6,7	15,4	20,9	22,5	2,7
<b>Jæren</b>		<b>312 283</b>	<b>8,9</b>	<b>21,3</b>	<b>28,2</b>	<b>21,5</b>	<b>3,1</b>
Rogaland		470 175	7,8	18,3	25,9	21,4	3,5
Landet		5 213 985	6,0	12,4	21,4	19,1	4,2

Som fylket samla er det fleire unge og færre eldre enn landet, men også her skil Stavanger seg noko ut. Siste framskriving gir gunstigare forhold mellom aldersgruppa 20-66 og 80+ enn landet for alle utanom Randaberg som ligg på lands-snittet (7,8). Det er korte avstandar og gode kommunikasjonar, noko som legg til rette for stor grad av pendling mellom kommunane.



Tettstadsområde 2016 slik det er definert av SSB

I følgje definisjonen til SSB (2014) er det eit samanhangande tettstadsområde frå sør i Sandnes og nord til Randaberg.

## Aktuelt grensespørsmål

### Forus

Fylkesmannen har fått eige brev frå næringsbedrifter på Forus der det blir bede om grensejustering.



Forus-området er eit nasjonalt viktig næringsområde, med om lag 45 000 arbeidsplassar. Det har vore relativt store utfordringar knytt til samla planlegging av dette området, og kommunegrensene har komplisert forvaltinga av området. Det har t.d. vore krevjande å få ein felles politikk for lokaliseringssstyring av verksemder, eksempelvis når det gjeld handel. Resultatet har blitt transportutfordringar, særleg som følgje av stor auke i biltrafikk.

## Kommunen som tenesteutøvar

### Barnehage og skule

Gjesdal, Hå, Klepp og Time starta i 2013 eit eige prosjekt, *Jærskulen*, for å styrke arbeidet med skuleutvikling. Prosjektet er forankra i Jærrådet. Kommunane i regionen har alle eigen PP-teneste, bortsett frå Randaberg som har felles med Rennesøy og Kvitsøy.

Kompetanse i barnehagane er også her ei utfordring, og kommunane har mange pedagogleiarar på dispensasjon. Hå har framleis meir enn ein tredel av stillingane på dispensasjon.

Når det gjeld læringsresultat, har alle kommunane unntatt Stavanger, mange elevar på svakaste mestringsnivå på 5. trinn. Gjennomføringa i vidaregåande skole varierer. Dei fleste

Jæren er det mest integrerte arbeids- og bustadområdet i fylket, med Sola og Stavanger som peikar seg ut med stor netto pendling inn. I Sola kommune pendlar over 19 000 av dei om lag 25 000 sysselsette i kommunen inn frå andre kommunar, samstundes pendlar over 8 000 ut av kommunen. I Sandnes pendlar over 21 000 ut av kommunen, om lag 12 000 av dei til Stavanger. Samstundes pendlar over 18 000 inn i Sandnes, om lag 7 500 av desse frå Stavanger. Gjesdal har størst relativ utpendling, klart mest til Sandnes.

kommunane ligg om lag på snittet, medan Klepp, Time og Hå utmerker seg med jamt dårlegare gjennomføring enn snittet for fylket og landet over tid.

Elevundersøkinga viser at skolemiljøet varierer ein del mellom skulane. Gjesdal, Hå og Klepp har skular med vedvarande høge mobbetal som krev særleg oppfølging frå kommunen med støtte frå Fylkesmannen.

Kommunane i regionen er godt dekte med lærarar med godkjent utdanning. Unnataket er Hå som har hatt mest 10% utan godkjend utdanning gjennom fleire år.

Etter vår vurdering er både kompetanse og kapasitet på kommunalt nivå forsvarleg i alle kommunane i denne regionen.

### Helse og omsorg

På Jæren samarbeider Sandnes, Gjesdal og Time om legevakt og kommunalt ØHD-tilbod. Klepp og Time har felles legevakt på dagtid. Klepp, Time, Sandnes, Gjesdal og Hå samarbeider om felles barnevernvakt. På Nord-Jæren samarbeider Randaberg, Stavanger og Sola om legevakt og psykososialt kriseteam. Desse hadde tidlegare samarbeid om ØHD-plassar, Randaberg har avslutta samarbeidet og Sola er i ferd med å avslutte. Sola og Randaberg opprettar plassar i eigen kommune.

Også på Jæren har kommunar utfordringar knytt til tenestene innan helse- sosial- og barnevernsfeltet. Bakgrunnen for utfordringane er mangslungne, og kan vanskeleg knytast til kommunestorleik åleine. Utfordringane kan i mange høve knytast opp mot økonomi. Også for større kommunar tvingar det seg difor fram behov for interkommunalt samarbeid.

### **Interkommunalt samarbeid**

*"Jæren er et arnested for samarbeid over kommunegrensene" -Arne Rettedal*

Ein har ikkje eit generelt samarbeidsorgan, berre Jærrådet: Opphavleg Hå, Time, Klepp og Gjesdal og med Sandnes frå 2014. Det er ikkje tilsvarande organ for Nord-Jæren.

Mönsteret er ein konsentrasjon av samarbeid mellom kommunane på Nord-Jæren og kommunane på Sør-Jæren( Hå, Time, Klepp), og der Sandnes og Gjesdal vekslar litt. Vidare er det ein del samarbeid som også femner Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy, dels også Strand (IVAR).

Alle er med i IVAR IKS og energiselskapet Lyse AS. IVAR står for vassforsyning for alle eigarkommunar og avløpstester, vidare renovasjon for dei fleste. Alle utanom Hå er med i Rogaland brann og redning. Hå har eige brannvesen. Alle utanom Hå er med i Greater Stavanger (AS). Alle utanom Hå er aksjonærar i Allservice AS som driv attføringsarbeid mv. (Strand er også med). Alle er med i Jæren friluftsråd. Alle samarbeider om skjenkekонтroll og miljøretta helsevern og er med i Interkommunalt utval for akutt forureining (IUA).Stiftinga Jærmuseet, alle utanom Stavanger. Elles har vi registrert følgjande samarbeid:


### Samarbeid i sør:

- Legevakt: Felles legevakt Klepp og Time, samarbeid med Sandnes og Gjesdal.
- Frisklivssentralen i Time samarbeider tett med Frisklivssentralane i Gjesdal, Klepp og Hå.
- Barnevernvakta i Sandnes, Time, Klepp, Gjesdal og Hå, Sandnes politistasjon.
- ØHD: Samarbeid mellom Gjesdal, Klepp, Time og Sandnes om 12 plasser.
- Time og Klepp kommunar har i samarbeid etablert psykososialt kriseteam.
- Klepp, Time, Hå og Gjesdal samarbeider om Jæren ACT-team (rus og psyk. helse)
- Klepp og Time samarbeider om flyktningarbeid, barnefattigdom, universell utforming og folkehelse.
- Samarbeid om tiltaksarbeid mellom Sandnes og Gjesdal.
- Jæren kemnerkontor er skatteoppkrevjar i kommunane Hå, Klepp, Time og Gjesdal, og utfører arbeidsgjevarkontroll.
- Jærskulen er eit samarbeidsprosjekt mellom Hå, Gjesdal, Klepp og Time.

### Samarbeid i nord:

Truleg er det kommunane på Nord-Jæren som har det mest omfattande samarbeidet i fylket.

- Renovasjonen IKS driv renovasjon for Stavanger, Sola, Randaberg og Sandnes.
- Forus Næringspark AS: Stavanger, Sola, Sandnes.
- Stavangerregionen Havn IKS: Stavanger, Sola, Randaberg og Rennesøy. Driftsselskap og eigedomsselskap organisert som AS.
- Nord-Jæren Bompengeselskap: Stavanger, Sola, Randaberg, Sandnes og Klepp.
- Felles legevakt Stavanger, Sola og Randaberg. Samarbeid om kriseteam.
- Barnevernvaktsamarbeid Stavanger, Sola, Randaberg.
- Felles barnevernteneste Randaberg, Rennesøy og Finnøy.
- ØHD-samarbeid Stavanger, Sola og Randaberg.
- Idrettshallar: To IKS som driv tre idrettshallar for Stavanger, Sandnes, Randaberg og Sola.
- Opera Rogaland IKS: Stavanger og Sandnes. SF Kino AS same kommunar.
- Skatteinnkreving: Vertskommunesamarbeid Stavanger, Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy, Finnøy, Forsand.
- Arbeidsgjevarkontroll: Dei same minus Randaberg, men pluss Hjelmeland.
- Det har også vore eit utstrekkt samarbeid på prosjektbasis innan administrative løysingar, IT osv. mellom kommunane på Nord-Jæren.
- Sola og Randaberg samarbeider om Ranso AS som driv attføringsarbeid.
- IKDP Forus interkommunal kommunedelplan for Forus Stavanger, Sandnes, Sola



Figuren er henta frå rapporten Ny kommunstruktur for 8 kommunar

Denne figuren viser at omfanget av interkommunalt samarbeid er størst i det mest sentrale byområdet, der Stavanger toppar med 58 ulike samarbeid.

## Økonomisk status

Finansiering 2015


K.nr	Kommune	Skattenivå (% av landet)	Rammeoverføring (% av inntekt)	Kostnads- nøkkelen	Korrigert fri inntekt (KFI)	KFI m. eiend/kraft	Sårbarhet s-indeks
1119	Hå	89,2	33,6	0,9912	97	93	11,2
1120	Klepp	100,2	32,4	0,9745	99	95	12,3
1121	Time	101,9	31,7	0,9686	100	96	8,1
1102	Sandnes	111,6	28,5	0,9549	102	98	3,6
1122	Gjesdal	95,6	33,3	0,9917	98	97	11,0
1103	Stavanger	141,1	18,3	0,9262	108	106	6,3
1124	Sola	141,5	20,7	0,9488	108	104	7,9
1127	Randaberg	123,3	24,2	0,9670	105	103	5,5
	Rogaland	114,5	27,6	0,9766	102	102	18,8
	Landet	100,0	33,3	1,0000	100	100	

Hå og Gjesdal ligg under skattenivået for landet, dei andre ligg til dels høgt over, særleg Stavanger og Sola. Alle har indeksnivå etter kostnadsnøkkelen under snittet. Skattenivået bidreg også til eit høgt nivå for korrigerte frie inntekter for ein del av kommunane. Stavanger, Gjesdal og Randaberg skriv ut eigedomsskatt, dei andre kommunane har her ei inntektsreserve.

Isolert sett har alle kommunane ein relativt gunstig score på «sårbarhetsindeksen». Dette har truleg i stor grad samanheng med høg grad av pendling mellom desse kommunane (pendlingsgrad inngår som eit sentralt element i indeksen). Men oljesektoren står sterkt i regionen og gunstige pendlingsvilkår hjelper her lite. Anna datagrunnlag kan tyde på at det er


Sola, Stavanger og Sandnes som har størst del oljesysselsetjing og at dei andre kommunane ikkje er fullt så utsette.

## Økonomiske nøkkeltal




### Netto driftsresultat

6 av dei 8 kommunane hadde betre resultat enn landet utan Oslo i 2015. Time, Stavanger og Randaberg hadde negativt eller svakt resultat i 2014. Hå kommune har i lang tid hatt betre resultat enn fylket og landet, jf. også at kommunen har lågt gjeldsnivå (graf nedanfor).



### Disposisjonsfond

Sola, Klepp, Hå, Stavanger og Sandnes ligg her betre an enn fylket og landet. 7 av dei 8 kommunane auka fondet relativt sett i 2015. Time kommune har liten reserve i fondet.



### Netto lånegjeld

Randaberg, Sola og Gjesdal ligg over landssnittet. Alle utanom Stavanger har auka gjeldsnivået i perioden. Dette kan sjåast i samanheng med folketilveksten og medfølgjande investeringar og opplåning. (Det er truleg ein feil på SSB-tala for Stavanger pr 2014).

### **Utslag endringar i inntektssystemet**

Kommunane Hå, Time, Klepp, Gjesdal og Randaberg taper på gradert basistilskot, frå ca 1 mill kr i Hå til 3,2 mill. kr i Randaberg. Sandnes og Stavanger vinn høvesvis 12 mill og 26 mill.kr, men Stavanger taper samstundes tapskompensasjonen for 2011-omlegginga på 27,4 mill. kr. Det siste gjeld også Time med 3,3 mill., Sola med 5,5 mill., Sandnes med 2,7 mill. og Randaberg med 2,7 mill. kr. Ny kostnadsnøkkelen slår ut negativt for alle utanom Stavanger.


Samla effekt er positiv berre for Stavanger.

Fleire av kommunane har eller har hatt veksttilskot som kan svinga mykje frå år til år. Men den generelle tendensen vil vera nedtrapping, sidan folkeveksten har avtatt noko.

### **Oppsummering økonomi**

Økonomisk sett er alle kommunane velfungerande og dei bør kunna vera det også i framtida. Faktorane her er særleg storleik, vekst, inntektsnivå og alderssamsetjing. Svikten i oljesysselsetjinga og utsлага i inntektssystemet tilseier likevel stramare kommuneøkonomi framover.

## C) Ryfylke



### Demografi:


(Folketal 1.1.16. Endringar i % 5 og 10 siste år. Prognose alt. MMMM. Alderssamsetjing i % 1.1.16)

K.nr	Kommune	Folketal	Endring siste 5 år	Endring siste 10 år	Prognose 2040	Del 0-15år	Del 80+ år
1129	Forsand	1 238	6,2	13,4	10,3	23,5	4,7
1130	Strand	12 464	9,5	18,0	22,3	22,8	3,7
1133	Hjelmeland	2 737	-2,7	0,5	-3,6	22,1	4,5
1134	Suldal	3 903	1,4	0,5	1,7	20,8	5,8
1135	Sauda	4 710	0,1	-1,2	2,3	18,1	7,2
1141	Finnøy	3 221	10,3	18,0	27,4	21,5	5,0
1142	Rennesøy	4 856	15,6	42,3	57,8	25,0	3,0
1144	Kvitsøy	524	-0,8	0,6	-0,2	20,8	5,6
<b>Ryfylke</b>		<b>33 653</b>	<b>6,6</b>	<b>13,3</b>	<b>19,8</b>	<b>22,0</b>	<b>4,7</b>
Rogaland		470 175	7,8	18,3	25,9	21,4	3,5
Landet		5 213 985	6,0	12,4	21,4	19,1	4,2

Bortsett frå Strand er kommunane små om ein ser på folketal. Området er sterkt oppkløyd, kommunane på fastlandet er store i areal med til dels store avstandar mellom bygdene.


Forsand, Strand, Finnøy og Rennesøy har hatt større folketilvekst enn landet, medan Hjelmeland, Suldal, Sauda og Kvitsøy har hatt nedgang eller stagnasjon. Tilveksten har vore særleg stor i Rennesøy som har lege på landstoppen. For Finnøy og Rennesøy kan effekten tilskrivast at ein har fått tunnellsamband med fastlandet. Fastlandssamband til Strand, Forsand og Hjelmeland er pårekna ferdig i 2019. Det vil likevel stå att ein del øyer utan vegtilknyting og dermed dyrare kommunale tenester (størst utslag i Finnøy med vel 1000 innb. på slike øyer). Kvitsøy kan på sikt få vegsamband gjennom Rogfast. Utanom Sauda har alle kommunane større del unge enn landet. Berre Strand og Rennesøy har lågare del eldre. Siste framskrivning tyder på at særleg Suldal og Sauda vil få vesentleg svakare forhold mellom aldersgruppa 20-66 og 80+ enn landet (5,4 og 5,5 mot 7,8). Rennesøy er i motsette enden.

## Aktuelle grensespørsmål




### Ombo i Finnøy og Hjelmeland

Øya Ombo er i dag delt mellom Finnøy og Hjelmeland. Det er semje mellom kommunane om at øya bør samlast i ein kommune. Det er lagt opp til å høye folket på øya i spørsmålet om kommunetilknyting. Fylkesmannen vi gi si tilråding når resultatet av dette er kjend og kommunane har gjort si vurdering.



### Jøsenfjorden i Hjelmeland

Fylkesmannen har motteke eige brev frå Jøsenfjorden grendeutval, med klart ønskje om at bygda blir ein del av Suldal. Eit vesentleg moment er at skulen er lagt ned både i Jøsenfjordbygda og på Jøsneset. Foreldra ønskjer at borna skal gå på skule i Erfjord i Suldal, noko som gir klart kortaste skuleveg. Det var opprinnleig laga avtale med Suldal for ei slik løysing, men dette blei seinare nedstemt i kommunestyret i Hjelmeland (10:9).



### Hylsstronda i Suldal

Grensespørsmålet om Hylsstronda heilt nordvest i Suldal har logisk nok kome opp som tema i samband med kommunereforma, m.a. etter initiativ frå Fylkesmannen. Etter at det nyleg blei opna ny bru over Sandsfjorden er det om lag 8 mil å køyre frå kommunesenteret i Suldal til Hylsstronda, mykje av dette gjennom Sauda kommune. Det er difor logisk nok etablert ein del samarbeid med Sauda både når det gjeld skule- og helsetenester. Innbyggjarane i bygda er klare på at dei ikkje ønskjer endring, det same gjeld kommunestyret i Suldal. Kommunestyret i Sauda er positive til endringa.

## Kommunen som tenesteutøvar

### Barnehage og skule

Fleire kommunar samarbeider om PPT i denne regionen. Finnøy, Strand, Forsand og Hjelmeland har felles PPT. Rennesøy og Kvitsøy har felles med Randaberg. Suldal og Sauda har nett inngått avtale om felles PPT.

Kommunane i Ryfylke har til dels store utfordringar når det gjeld kompetanse i barnehagen, t.d. har Finnøy hatt meir enn halvparten av dei pedagogiske leiarane på dispensasjon, Rennesøy, Suldal og Strand om lag ein tredel.

Mest alle kommunane har dei to siste skuleåra mange elevar på lågaste meistringsnivå i 5. klasse. Gjennomføringa i vidaregåande opplæring varierer svært mykje mellom kommunane i Ryfylke. Suldal og Sauda utmerkjer seg med langt betre gjennomføring på normert tid enn snitt for landet og for fylket i heile perioden etter tusenårsskiftet. Elevane frå Forsand er blant dei med svakast gjennomføring.

Elevundersøkinga viser at skulemiljøet også varierer ein del mellom skulane i denne regionen. Både Finnøy og Hjelmeland har skular med vedvarande høge mobbetal som krev særleg oppfølging frå kommunen med støtte frå Fylkesmannen.

Kommunane i regionen er stort sett godt dekte med lærarar med godkjent utdanning. Unnataket er Finnøy der vel 13% og Forsand der mest 18% av lærarårsverka er dekte av tilsette utan godkjend utdanning.

Kravet i opplæringslova om skulefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen har gjennom fleire år ikkje vore oppfylt i Forsand. Kommunen har frå og med august i år gjort avtale om kjøp av slik kompetanse tilsvarande om lag ei halv stilling.

Alle kommunane i denne regionen, unntatt Strand, er så små at kommunestorleiken i seg sjølv gjer det krevjande å ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet på kommunalt nivå til ei kvar tid.

### Helse og omsorg

Kommunane Etne, Vindafjord, Sauda og Suldal samarbeider om Senter for miljøretta helsevern. Suldal og Sauda har felles NAV-leiar ut frå behov for styrking av kompetanse og kapasitet. Kvitsøy nyttar NAV Randaberg. Ei rekke planlagde interkommunale samarbeid i indre Ryfylke har stranda. Legevaktsamarbeidet mellom Strand og Forsand er nyleg avslutta. Forsand, Strand og Hjelmeland samarbeider om kommunale øyeblikkeleg-hjelp plasser, lokalisert til Strand kommune. Hjelmeland, Rennesøy, Finnøy og Kvitsøy samarbeider om legevakttenesta.

I Ryfylke er det klare utfordringar med kapasitet, rekruttering og sårbarhet i barnevernstjenesta. Kommunane har også særlege utfordringar med å få folkehelse på dagsorden i det overordna planarbeidet.

Legevaktsamarbeidet i Ryfylke er kostbart og er gjenstand for diskusjon. Det er gjennomgåande utfordringar knyta til det å få etablert nødvendig samarbeid m.a. om legevakt og rehabilitering i regionen. Fleire kommunar har utfordringar når det gjeld kompetanse og

rekryttering innan sosialteneste, barnevern, helse og omsorg. Dette heng oftest saman med økonomi, men det er også påverka av leiinga i kommunen si organisering og struktur. Det er gjennomgåande at interkommunalt samarbeid «tvinger seg fram», heller enn at dette er eit ønskje og etablert gjennom langstiktige planar. Kommunane i Ryfylke er så små at det blir krevjande å etablere og oppretthalde gode fagmiljø på sikt, uavhengig av økonomiske føresetnader.

### **Interkommunalt samarbeid**

Biletet i Ryfylke er meir fragmentert enn fylket elles. Kommunane i sør samarbeider i stor grad med Stavanger og Nord-Jæren, Suldal og Sauda med Haugalandet.

Fellesorgan: Ryfylke IKS er regionrådet for kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Forsand. Rennesøy og Finnøy har vore medlemmer før. Suldal og Sauda er også med i Haugaland Vekst. Vi har elles registrert følgjande samarbeid:

- Energi: Alle utanom Suldal og Sauda er eigarar av Lyse Energi AS. Suldal Elverk er eit KF. (Haugaland Kraft står for distribusjon i Sauda).
- Renovasjon: Ryfylke Miljøverk IKS er eit interkommunalt selskap som har ansvar for renovasjonstenesta i kommunane Forsand, Finnøy, Strand, Hjelmeland og Suldal. IVAR driv dette for Rennesøy og Kvitsøy. Sauda driv VAR-tenester i eigen regi.
- Brann: Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy er med i Rogaland brann og redning. Dei same er med i IVAR IKS der også Strand og Hjelmeland er med.
- Rennesøy er med i Stavangerregionen Havn.
- Ryfylkefondet forvaltar konsesjonskraftmidlar avsette av Sauda, Suldal, Hjelmeland, Forsand og fylkeskommunen. Andre medlemmer av Ryfylke IKS kan også tildelast midlar (dvs. nå Strand).
- Barnevern: Finnøy og Rennesøy har barnevernsteneste saman med Randaberg. Samarbeid innan barnevernet Strand, Forsand og Hjelmeland. Kvitsøy har avtale med Stavanger.
- Legevakt: Samarbeid Finnøy, Rennesøy, Kvitsøy og Hjelmeland som også omfattar legevaktbåt. Tidlegare legevaktsamarbeid Strand og Forsand. Forsand har nå samarbeid med Sandnes. Sauda og Suldal legevakt i eigen regi. Samarbeid om miljøretta helsevern Sauda, Suldal, Vindafjord og Etne.
- ØHD-samarbeid mellom Forsand, Strand og Hjelmeland. Samarbeid mellom Kvitsøy og Randaberg om psykisk helse.
- PP-teneste: Kvitsøy og Rennesøy samarbeider med Randaberg. PPT for Midt-Ryfylke er eit samarbeid mellom Strand, Forsand, Hjelmeland og Finnøy. Sauda og Suldal eigen regi.
- Finnøy og Hjelmeland har felles grunnskule for Ombo.
- Arbeidsmarknadsbedrift: Avanti Ryfylke AS der Strand, Hjelmeland og Forsand er med.
- Ryfylke friluftsråd, alle er med, dessutan dei fire kommunane på Nord-Jæren.
- Skatteinknreveing: Finnøy, Rennesøy, Kvitsøy, Randaberg og Forsand har vertskommunesamarbeid med Stavanger. Hjelmeland med Strand.
- Arbeidsgjevarkontroll: Hjelmeland, Finnøy, Rennesøy, Kvitsøy og Forsand har vertskommunesamarbeid med Stavanger.
- Ryfylkemuseet er regionmuseum for alle kommunane (stifting).


## Økonomisk status

Finansiering 2015

K.nr	Kommune	Skattenivå (% av landet)	Rammeoverføring (% av inntekt)	Kostnads- nøkkelen	Korrigert fri inntekt (KFI)	KFI m. eiend/kraft	Sårbarhets- indeks
1129	Forsand	149,6	22,3	1,3702	108	174	20,3
1130	Strand	91,3	36,8	1,0278	97	98	9,7
1133	Hjelmeland	124,4	25,5	1,2079	103	120	22,6
1134	Suldal	131,5	21,1	1,2171	105	163	20,0
1135	Sauda	106,8	27,0	1,0940	103	113	37,1
1141	Finnøy	95,9	40,6	1,1347	106	109	34,3
1142	Rennesøy	111,9	34,3	1,0769	104	100	18,7
1144	Kvitsøy	88,7	55,9	1,4982	124	120	17,7
	Rogaland	114,5	27,6	0,9766	102	102	18,8
	Landet	100,0	33,3	1,0000	100	100	

Forsand, Hjelmeland, Suldal og dels Sauda har høgt skattenivå sidan dei er kraftkommunar. Kvitsøy er sterkt overføringsavhengig. Alle skriv ut eigedomsskatt, inntektsutsлага er her størst for kraftkommunane og Finnøy. Strand, Hjelmeland og Finnøy har innført eigedomsskatt for bustader pga. stram kommuneøkonomi. Sårbarhetsindeksen avspeglar eit til dels einsidig næringsgrunnlag.


## Økonomiske nøkkeltal



### Handlefridom


Suldal og Kvitsøy har generelt hatt best driftsresultat, Finnøy, Hjelmeland og Sauda noko svakare. Hjelmeland er ROBEK-kommune frå 2015 pga udekka underskot, men burde som kraftkommune ha inntektsgrunnlag for inndecking i løpet av rimeleg tid.

Forsand har sterkt varierande resultat pga. tap/gevistføring for finansinvesteringar.



### Disposisjonsfond

Forsand, Suldal og Kvitsøy har store fond, minst har Hjelmeland der store rekneskapsunderskot har «tært opp» fondet. Også Strand, Rennesøy og Finnøy ligg noko svakt an her.



### Lånegjeld

Rennesøy og Finnøy har høgare gjeldsnivå enn landet. Finnøy har sterkest gjeldsvekst. Dei andre har også auka gjeldsnivået i perioden. Suldal har relativt lite gjeld.

### **Utslag endringar i inntektssystemet**


Forsand, Strand, Sauda og Rennesøy taper på gradert basistilskot, Hjelmeland og Suldal har her ein viss gevinst. Strand har eit visst tap ved bortfall av skjøn for 2011-omlegginga.

Finnøy vil uansett mista heile småkommunetilskotet etter at folketalet nå har passert 3 200. Kvitsøy taper 2,7. mill. kr pga omlegginga av småkommune/distriktstilskotet og 0,5 mill. kr pga. bortfallet av kompensasjonen for 2011-omlegginga. Samla effekt er negativ for alle kommunane, men størst for dei tre øykommunane, særleg Finnøy og Kvitsøy.

### **Oppsummering økonomi**

Utanom Strand har alle kommunane i regionen lågt folketal og dei har ikkje dei beste føresetnadene for å kunne yte fullgode tenester. Kraftinntekter gir likevel eit godt inntektsgrunnlag for dei fire mindre fastlandskommunane. Dei tre øykommunane er noko verre stilt, særleg Kvitsøy og Finnøy.

## D) Haugalandet



### Demografi:

(Folketal 1.1.16. Endringar i % 5 og 10 siste år. Prognose alt. MMMM. Alderssamsetjing i % 1.1.16)

K.nr	Kommune	Folketal	Endring siste 5 år	Endring siste 10 år	Prognose 2040	Del 0-15år	Del 80+ år
1106	Haugesund	36 951	6,7	16,4	27,9	19,0	4,2
1149	Karmøy	42 187	5,3	11,2	15,6	21,3	3,7
1151	Utsira	200	-7,4	-4,3	-9,5	19,5	5,3
1146	Tysvær	10 925	7,2	16,9	26,7	23,9	3,2
1145	Bokn	865	3,3	12,3	8,8	20,3	6,2
1160	Vindafjord	8 788	5,9	8,2	17,2	20,8	5,5
<b>Haugalandet</b>		<b>99 916</b>	<b>6,0</b>	<b>13,4</b>	<b>21,4</b>	<b>20,7</b>	<b>4,0</b>
Rogaland		470 175	7,8	18,3	25,9	21,4	3,5
Landet		5 213 985	6,0	12,4	21,4	19,1	4,2

Kommunane varierer sterkt i folketal, men Utsira og Bokn peikar seg ut som særleg små kommunar. Desse har også svak eller negativ folketilvekst og vil etter framskrivinga også ha svak vekst framover, men framskrivingar vil alltid vera særleg usikre for så små kommunar. Tysvær har stor del barn, medan Bokn har vesentleg høgare del eldre enn landet.

## Aktuelt grensespørsmål



### Raglamyr/Norheim

Raglamyr-Norheim-området er eit regionalt viktig næringsområde, eit område som blir delt av kommunegrensa mellom Karmøy og Haugesund. Det er ei utfordring knytt til å få til samla planlegging av dette området. Det har t.d. vore krevjande å få ein felles politikk for lokaliseringssstyring av verksemder, og overordna infrastruktur. Fylkesmannen har motteke eit eige innbyggjarinitiativ der det blir bedt om ei utgreiing av kommunegrensa for fastlandsdelen av Karmøy.

## Kommunen som tenesteutøvar

### Barnehage og skule

Kommunane på Haugalandet har gjennom lang tid utmerkt seg med særleg godt samarbeid om barnehage og utdanning (her er også Sauda og Suldal med). Bokn kommune har hatt avtale med Tysvær om pedagogisk-psykologisk teneste, men har nyleg gjort avtale med Karmøy i staden. Utsira har avtale med Haugesund. Elles har kommunane her eiga PP-teneste.

Kompetansesituasjonen på barnehagefeltet er noko betre i denne regionen enn for fylket elles, med låge tal på dispensasjonar frå utdanningskravet. Haugesund og Karmøy har litt lågare lærartettleik enn gjennomsnittet for fylket, men dei har også saman med Tysvær og Vindafjord færre lærarar utan godkjend utdanning enn elles i fylket. Bokn skil seg særleg negativt ut med heile 26 % av lærarårsverka utan godkjend utdanning (GSI 2015). Bokn oppfyller heller ikkje kravet i opplæringslova om at kommunane skal ha skulefagleg kompetanse i kommune-administrasjonen.

Dei fleste kommunane har mange elevar på svakaste meistringsnivå i 5. klasse. Gjennomføringa i vidaregåande opplæring varierer mykje: Tysvær har betre gjennomføring enn snittet i heile perioden, Bokn har dårlegare gjennomføring enn snittet for fleire kull og har svakast gjennomføring av alle kommunane i Rogaland (tala for Utsira er prikka) dei siste åra.

Også for to kommunar i denne regionen gjer kommunestorleiken i seg sjølv det krevjande å ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet på kommunalt nivå til ei kvar tid. Både Bokn og Utsira er så små at dei blir særleg sårbar når det gjeld dette.

### Helse og omsorg

Det er oppretta interkommunalt legevaktsamarbeid i Haugesund for Bokn, Haugesund, Sveio, Tysvær, Utsira og delar av Karmøy. Haugesund kommune ved Vardafjell helsehus er vertskommune for interkommunalt samarbeid om kommunale ØHD-senger. Utsira nyttar NAV Haugesund.

På Hauglandet er det stort spenn i kommunestorleik, og difor også ulike utfordringar knytt til tenestene innan helse- sosial- og barnevernsfeltet. Bakgrunnen for utfordringane er mangslungne, og kan vanskeleg knytast til kommunestorleik åleine. Utfordringane kan i

mange høve knytast opp mot økonomi. Også for større kommunar som Karmøy og Haugesund tvingar det seg difor fram behov for interkommunalt samarbeid.

Fleire kommunar har utfordringar når det gjeld kompetanse og rekruttering innan sosialteneste, barnevern, helse og omsorg. Dette heng oftast saman med økonomi, men det er også påverka av leininga i kommunen si organisering og struktur. Det er gjennomgåande at interkommunalt samarbeid «tvinger seg fram», heller enn at dette er eit ønskje og etablert gjennom langsiktige planer. Kommunane Bokn og Utsira er så små at det ikkje er mogleg å etablere og oppretthalde gode fagmiljø på sikt, uavhengig av økonomiske føresetnader.

### **Interkommunalt samarbeid**

På Haugalandet er det mange typar samarbeid der dei fleste er med, og der også kommunar i Sunnhordland er med, særleg Sveio og Etne. Vi har registrert følgjande samarbeid:

- Generelt organ: Haugaland Vekst IKS som driv næringsarbeid og kommunalt utviklingsarbeid. Ti eigarkommunar, dvs. at også Sauda og Suldal, og Sveio og Etne i Hordaland er med. Eigarkommunane har også danna Haugaland Vekst regionråd.
- Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) er et interkommunalt selskap (IKS) eigmد av kommunane Bokn, Etne, Haugesund, Tysvær og Vindafjord.
- Haugaland Kraft AS er eigmد av kommunane Karmøy, Haugesund, Tysvær, Vindafjord, Bokn, Sveio og Utsira.
- Karmsund Havn IKS: Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Bømlo, Sveio er eigara.
- Det ligg an til felles brannvesen Haugesund, Karmøy, Bokn, Etne, Suldal, Sveio, Tysvær, Vindafjord og Utsira.
- Legevakt: Frå 01.09.2015 interkommunalt legevaktsamarbeid i Haugesund for Bokn, Haugesund, Sveio, Tysvær, Utsira og deler av Karmøy. Vindafjord kommune samarbeider med Etne kommune om legevakt. Legevakttelefonen blir betjent av Haugesund legevakt.
- ØHD: Haugesund kommune ved Vardafjell helsehus er vertskommune for interkommunalt samarbeid om kommunale ØHD-senger. (Sveio, Utsira, Vindafjord, Etne og Bokn).
- Barnevern: Karmøy er vertskommune for barnevernet i Bokn. Utsira kjøper tenester av Haugesund. Vindafjord er vertskommune for Etne i Hordaland.
- PPT-samarbeid Haugesund, Utsira og Sveio. Bokn har kjøpt tenester av Tysvær, men skal nå samarbeida med Karmøy.
- Arbeidsmarknadsbedrift: AS Haugaland Industri, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sveio og Vindafjord er største aksjonærar.
- Haugalandmuseene AS er regionmuseum for Nord-Rogaland, kommunane i regionen bortsett frå Utsira har til saman 71 % av aksjane.
- Friluftsrådet Vest er eit interkommunalt samarbeidsorgan innan friluftsliv for 12 kommunar i Nord-Rogaland og Sunnhordland: Bokn, Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Kvinnherad, Sauda, Stord, Sveio, Tysvær og Vindafjord.
- Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, alle er med, dessutan Suldal og Sauda, Etne og Sveio.
- Arbeidsgjevarkontroll: Haugesund, Suldal, Sauda, Bokn, Tysvær, Karmøy, Sveio, Utsira, Vindafjord.
- Haugalandsløftet er eit interkommunalt samarbeidsprosjekt innan oppvekst.

- Bokn og Karmøy har nå samarbeid om m.a. barnevern og PPT. Det er aktuelt å samarbeide også innan plan, miljø og byggesaksbehandling, landbruksforvaltning, teknisk drift av bygg og avløp og samfunnssikkerhet og beredskap. Vidare kan det bli aktuelt å vurdera samarbeid om område som næring, folkehelse, legevakt, skole- og barnehageadministrasjon, flyktninger, helseadministrasjon, NAV, IKT, regnskap og kemnerfunksjon. (Samarbeidsavtale om tenester mellom kommunane Bokn og Karmøy av 8.6.2016)

## Økonomisk status


### Finansiering 2015

K.nr	Kommune	Skattenivå (% av landet)	Rammeoverføring (% av inntekt)	Kostnads- nøkkelen	Korrigert fri inntekt (KFI)	KFI m. eiend/kraft	Sårbarhets- indeks
1106	Haugesund	97,8	31,9	0,9732	98	97	10,9
1149	Karmøy	88,5	36,6	0,9866	96	95	13,5
1151	Utsira	94,6	63,0	2,3443	167	164	31,4
1146	Tysvær	89,0	31,5	1,0531	97	120	14,2
1145	Bokn	85,6	45,2	1,3742	109	127	18,0
1160	Vindafjord	97,0	38,4	1,0555	102	102	10,0
	Rogaland	114,5	27,6	0,9766	102	102	18,8
	Landet	100,0	33,3	1,0000	100	100	

Nivået for skatt pr innbyggjar ligg under landet for alle kommunane. Tysvær og Bokn har likevel høgt samla inntektsnivå pga. eigedomsskatt på Kårstø-anlegget og Europipe II. Alle skriv ut eigedomsskatt, for Utsira, Tysvær og Bokn gjeld dette berre verk og bruk.

Eit forslag sendt på høyring i fjar om endringar i eigedomsskattelova inneber at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal reknast med i utskrivingsgrunnlaget for eigedomsskatt. Slik endring vil innebera inntektsbortfall for ei rekke kommunar i fylket, men i særleg grad for Tysvær, Karmøy og Bokn (høvesvis 140, 50 og 9 mill. kr i følgje desse kommunane). Dette vil ha store verknader for desse kommunane.


## Økonomiske nøkkeltal



### Handlefridom


Det er stor variasjon mellom kommunane og frå år til år.

Haugesund har hatt negative resultat i fleire år og er registrert i ROBEK (pga. store udekka underskot), men fekk eit gunstigare resultat i 2015.



### Disposisjonsfond

Status her er nokolunde tilfredsstillende for kommunane utanom Haugesund, som har hatt store rekneskapsunderskot.



### Lånegjeld

Av kommunane er det berre Tysvær som har høgare gjeldsgrad enn landet. Det er også denne kommunen som har hatt størst folkeauke. Størst gjeldsauke har det vore i Bokn.

### **Utslag endringar i inntektssystemet**

Bokn og Utsira taper på omlegginga av småkommunetilskotet, høvesvis 2,7 og 1,6 mill. kr. Bokn, Tysvær og Vindafjord taper på gradert basistilskot. Effekten vil relativt vera størst for Bokn med om lag 1 mill kr. Haugesund og Karmøy vinn på denne omlegginga. Haugesund, Karmøy og Vindafjord mistar kompensasjon for 2011-omlegginga. Samla systemeffekt er negativ for alle kommunane utanom Haugesund. Tap per innbyggjar vil vere størst for Bokn og Utsira.

### **Oppsummering økonomi**

Bokn og Utsira står i ei særstilling, dei er svært små og får eit svekka inntektsgrunnlag. Men av desse er det berre Bokn som har fastlandssamband.